



# VURDERINGSINNLEVERING

---

*Opplysningsane finn du på StudentWeb under Innsyn – Vurderingsmelding*

Emnekode: FN-BACH15

Emnenamn: Bacheloroppgåve i natur og friluft

Vurderingsform: Bacheloroppgåve  
(mappe, heimeeksamen..)

Kandidatnr: Maria Omvik Hella & Victoria Sæternes  
Lausen

Leveringsfrist: 20.5.14

Ordinær eksamen eller kontinuasjon: Ordinær

Fagansvarleg (Rettleiar dersom rettleia oppgave): Marianne  
Størkson

## **Samandrag**

Denne bacheloroppgåva innan førskulelærarstudiet gir 15 studiepoeng. Her har me valt å fokusere på arbeid med HMS knytt til barns risikoleik i barnehagen. Problemstillinga vår er som følger: Er det slik at barnehagens arbeid med helse, miljø og sikkerheit avgrensar barns moglegheit for deltaking og fysisk utfolding i risikoleik? Her vil me også sjå kva faktor som avgrensar barns moglegheit for deltaking og fysisk utfolding i risikoleik.

Me har i denne oppgåva valt å bruke kvalitativ metode for å finne svar på vår problemstilling. Metoden me har brukt er intervju, der me har valt å intervju fire pedagogiske leiarar i same barnehage og barnehagens daglege leiar.

Teoridelen vår er knytt opp mot HMS-arbeid i barnehagen, samt risikoleikens nytteverdi for barns utvikling. Teorien legg også fokus på blant anna forskriftenes krav til barnehagens praktisering av HMS i det pedagogiske arbeidet.

Gjennom resultata og infiltreringa av det faglige teoristoffet vårt, har me fått svar på vår problemstilling som gir grunnlag for ein faglig konklusjon. Konklusjonen vår er at HMS-arbeidet i barnehagen spelar ei sentral rolle i avgrensing av barnas moglegheit for deltaking og fysisk utfolding i risikoleik. Me ser også at personalets haldningar, verdiar, erfaringar og bakgrunn spelar ein viktig del i kvar deira personlige grensesetting for barna går.

This is a bachelor thesis from the study of early childhood education. This paper is 15 credits. Here we decided to focus on working with HSE related to children's risk play in kindergarten. Our research question is as follows: Is it true that kindergarten work with health, safety and security restricts children's opportunity for participation and physical unfolding in risk play? Here we also see what factor that restricts the child's opportunity for participation and physical unfolding in risk play.

We have in this thesis chosen to use qualitative methods to find answers to our questions. The method we have used is the interview, where we have chosen to interview four educational leaders in the same kindergarten and kindergarten daily leader.

Our theoretical part is associated with the HSE in kindergarten and the risk play benefits for children's development. The theory also put focus on, among other regulatory requirements for kindergarten practice of safety in the educational work.

Through the results and infiltration of the scientific theory of our fabric, we have found the answer to our question as the basis for a scientific conclusion. Our conclusion is that the HSE work in the nursery plays a central role in the definition of children's opportunity for participation and physical unfolding in risk play. We also see that the staff's attitudes, values, experiences and background plays an important part in every their personal boundaries for children attend.

## Forord

Prosessen og arbeidet knytt til denne bacheloroppgåva har vore svært lærerik og interessant. Barnehagen har vore veldig behjelpeleg og støttande i høve til gjennomføringa av det kvalitative intervjuet av personalet i barnehagen. Både intervjuobjekta og anna personale frå barnehagen har gitt oss rom og tid for å gjennomføre forskinga vår. Me vil retta ei stor takk til Marianne Størkson, som har vore ein sentral og viktig vugleiar for oppgåva vår. Ho har stilt seg tilgjengelig så ofte som mogleg og har gitt oss konstruktiv kritikk i vugleininga for å løfte oppgåva til nye høgder.

Høgskulen Stord/Haugesund

Mai 2014

Maria Omvik Hella & Victoria Sæternes Lausen

# Innhald

<b>Samandrag .....</b>	2
<b>Forord .....</b>	4
<b>Problemstilling.....</b>	7
<b>1.0 Teori .....</b>	8
<b>1.1 HMS i barnehagen .....</b>	8
<b>1.2 Barnehagens fysiske miljø – inne og ute .....</b>	8
<b>1.2.1 Forskrift om sikkerheit ved leikeplassutstyr .....</b>	9
<b>1.3 Barnehageloven.....</b>	10
<b>1.4 Rammeplan .....</b>	10
<b>1.5 St.meld. nr. 41 .....</b>	11
<b>1.6 Risikofylt leik .....</b>	11
<b>1.7 Subjektiv og objektiv risiko .....</b>	12
<b>1.8 Risikoanalyse.....</b>	12
<b>1.9 Risikoleik – arena for barns utvikling og læring .....</b>	13
<b>1.10 Forsiktiggjering rundt barn .....</b>	14
<b>1.11 Bomullsbarne .....</b>	15
<b>1.12 Barn har godt av risikoleik .....</b>	15
<b>1.13 John Dewey - «Learning by doing» .....</b>	16
<b>2.0 Metode.....</b>	16
<b>2.1 Kvalitatitt forskingsintervju .....</b>	17
<b>2.2 Transkribering og etisk ansvar .....</b>	18
<b>2.3 Reliabilitet og Validitet .....</b>	19
<b>2.4 Intervjuobjekt .....</b>	19
<b>2.5 Gjennomføring av kvalitativ forsking .....</b>	20
<b>3.0 Presentasjon og drøfting av resultat .....</b>	22
<b>3.1 Tankar kring risikoleik.....</b>	22
<b>3.2 HMS knytt til risikoleik i barnehagen.....</b>	23
<b>3.3 Risikoleikens grenser .....</b>	25
<b>3.4 Fremming og avgrensing i barns leik og fysisk utfolding .....</b>	27
<b>3.5 Risikoleikens fysiske og psykiske gevinst til barna .....</b>	30
<b>3.6 Barns moglegheit for risikoleik på inne – og uteområdet til barnehagen .....</b>	33
<b>3.7 Barns deltaking i risikoleikens kategoriar .....</b>	35
<b>4.0 Avslutning og konklusjon .....</b>	38
<b>Litteraturliste.....</b>	39
<b>Vedlegg I .....</b>	41
<b>Vedlegg II .....</b>	43

<b>Vedlegg III .....</b>	45
<b>Vedlegg IV .....</b>	47
<b>Vedlegg V .....</b>	50

## Problemstilling

Er det slik at barnehagens arbeid med helse, miljø og sikkerhet avgrensar barns mogleighet for deltaking og fysisk utfolding i risikoleik?

## **1.0 Teori**

Barnehagen har ulike lovar og reglar som skal følgjast når det kjem til barnehagens innhald og oppgåver. Barnehagen har ansvar for at disse vert følgd og barnehagar har jamlig tilsyn for å kontrollere at disse vert overhaldt. Kunnskapsdepartementet har laga Barnehageloven som inneholder lovar og reglar for kva eit barnehagetilbod skal innehalde, samt kva verdigrunnlag barnehagen skal byggje på (Barnehageloven, 2008). Kunnskapsdepartementet står også for Rammeplanen som byggjer på Barnehagelovens lovar og reglar, og inneholder rammer for barnehagens innhald og oppgåver (Kunnskapsdepartementet, 2011).

### **1.1 HMS i barnehagen**

Helse, miljø og sikkerheit i barnehagen omfattar fleire felt med regelverk dei må følgje. Utanom eigne interne regelverk, må dei praktisere Barnehageloven (Barnehageloven, 2006), Arbeidsmiljøloven (Regjeringen, 2006), Forskrift om miljørettet helsevern i barnehage og skole m.v. (Regjeringen, 1996), samt Produktkontrolloven med forskrifter (Regjeringen, 1977). I barnehagen skal alle ta omsyn til disse lovane for å unngå skade på personar, materiell og utstyr (Regjeringen, 2006). Undersøkingsbarnehagen har også innarbeida eigne rutinar i barnehagen som skal følgjast, som for eksempel sjekk av uteområdet kvar morgen. Det er også halvtårskontrollar der verneombod og dagleg leiar i barnehagen utfører kontrollar. I tillegg til barnehagens eigne sjekkrutinar, er det kvart halvvår, tilsyn av ein ekstern kontrollør som gjennomgår heile barnehageområdet<sup>1</sup>.

### **1.2 Barnehagens fysiske miljø – inne og ute**

I følge Forskrifta om miljøretta helsevern i barnehagar og skule er miljøet i barnehagen svært viktig for barna. Dette fordi det er i dei tidelege barneåra grunnlaget for god helse blir lagt. Innemiljøet kan kategoriserast innan fem faktorar: temperatur, lyd, lys, lufta me pustar inn, samt innreiing. I tillegg til dei fem punkta har ein også estetisk og psykososialt miljø (Aktivhms, u.å.). Formålet med Forskrifta om miljøretta helsevern i barnehagar og skule er i følge §1 at den skal vera med å fremja verksemda, men samstundes førebygge sjukdom og skade blant personalet og barna (Regjeringen, 1996).

---

<sup>1</sup> Pedagogisk leiar/HMS ansvarleg ved undersøkingsbarnehagen. Intervju 19.03.2014

Barnehagen skal ha utstyr nok til lek og varierte aktiviteter som fremmer bevegelsesglede, gir allsidig bevegelseserfaring, sanseerfaring og muligheter for læring og mestring. Lekene og utstyret bør være av god kvalitet og tilpasset alle aldersgrupper i barnehagen (Regjeringen, 2010).

Barnehagens uteområder er ein svært viktig læringsarena for barna. Av kunnskapsdepartementet sin veileder for utforming av barnehagens uteområder blir det slått fast at barnehagar ikkje har store nok uteområder til å tilfredsstille vegleiiande norm for uteområder. Det viser seg også at det er mangel på naturområder mange stader. I følgje Barnehageloven §2 (Barnehageloven, 2006) skal barnehagen gi barn moglegheit for leik, livsutfaldning og meiningsfylte opplevelingar og aktivitetar. Barnehagens uteområde skal vera seks gonger så stort som inneområdet, der det skal vera nok areal og utstyr til leik og varierte aktivitetar. Utstyret skal vera slik at det er med på å fremja rørsleglede, allsidig rørsleerfaring, sanseerfaring, samt gir rom for læring og mestring. Utstyret bør vera tilpassa alle aldersgruppene, men lova gir ingen direkte krav til dette.

### **1.2.1 Forskrift om sikkerheit ved leikeplassutstyr**

Barnehagen har ulike forskrifter som dei må ta omsyn til i kvardagen. Forskrift om sikkerheit ved leikeplassutstyr (1996) gir ulike krav som skal overhaldast i barnehagen. Formålet med disse er å førebygga ulykker på leikeplassar, slik at leikeplassen ikkje utgjere unødvendig fare ved riktig bruk. Barnehagen skal alltid jobbe bevisst for å unngå alvorlige skader, eller i verste tilfelle død.

I følge Lovdata (Regjeringen, 1999) skal alt utstyr i barnehagen vera bygd slik at det er mogeleg for eit barn å kunne forlate utstyret utan at han må utsetja seg sjølv for enda større risiko for helseskade. Er utstyret brukt av barn under 3 år så skal det vera fritt for lause gjenstandar. Opning og avstandar av leikeplassutstyr skal ha ei slik utforming at barnet ikkje kan bli sitjande fast. Fast dimensjonerte opningar på 9 og 23 cm skal ikkje førekoma. Leikeplassutstyr skal vera utforma og konstruert slik risikoen for fall og skade er redusert til eit minimum. Leikeutstyr som er over 60 cm høgt, må ha eit falldempande underlag som for eksempel gummimatter. Det skal også vera sikkerheitssone rundt kvart leikeplassutstyr, noko som vil variere frå leikeapparat til leikeapparat (Regjeringen, 1999).

## **1.3 Barnehageloven**

### **§ 1. Formål**

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter (Barnehageloven, 2008).

### **§ 2. Barnehagens innhold**

Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter.

Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter (Barnehageloven, 2010).

## **1.4 Rammeplan**

Variert fysisk aktivitet både inne og ute har svært mykje å seie for utviklinga av motorisk dugleik og kroppskontroll. Aktiv bruk av natur og nærmiljø gir mange moglegheiter.

**Gjennom arbeidet med kropp, rørsle og helse skal barnehagen bidra til at barna:**

- utviklar glede over å bruke naturen til utforskning og kroppslege utfordringar og får forståing av korleis ein bruker og samtidig tek vare på miljøet og naturen (Kunnskapsdepartementet, 2011).

**For å arbeide i retning av desse måla må personalet:**

- Leggje til rette for og inspirere til trygg og utfordrande kroppsleg leik og aktivitetar for alle, uavhengig av kjønn og kroppslege, psykiske og sosiale føresetnadnar
- Forstå og gi oppmuntrande stadfesting på sansemotorisk og kroppsleg leik og inspirere alle barn til å søkje fysiske utfordringar og bruke kroppen sin (Kunnskapsdepartementet, 2011).

## **1.5 St.meld. nr. 41**

I følgje St.meld.41 skal det vera likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar. Barnehagen skal styrkast som læringsarena og vera ein stad der alle barna skal få delta aktivt i eit inkluderande fellesskap. Barnehageloven og forskrift om rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver skal vera eit sikringsmoment slik at alle barna blir behandla likt i forhold til tilbodet i barnehagen, og at det er eit barnehagetilbod med høg kvalitet. Eit viktig innhald i dagens barnehagar er at dei skal ta alle barns behov for læring og utvikling på alvor, og forbereda kvart barn for livslang læring. Barnehagar som gir støtte og oppmuntring for barns læring, samt ser og anerkjenner barnets evne og behov til å lære, vil verta definert som ein god barnehage ut i frå regjeringa sine synspunkt. *Barnehagetilbuddet tilrettelegges slik at alle barn får et godt omsorgs- og læringsmiljø som fremmer barns trivsel, livsglede, mestring og følelse av egenverd* (Regjeringen, 2009).

## **1.6 Risikofylt leik**

I følgje Sandseter (sitert i Kvello, 2013, s. 178) kjenneteiknar risikoleik spenningsmoment, samt utfordring med ein risiko for at barna kan få fysiske skader. Risikoleiken er prega av barns usikkerheit om dei meistrar det de gir seg ut på, samt kjensla av at noko er skummelt. Forsking som har blitt gjort utdüber at barn omtalar risikofylt og spaningsleik som aktivitetar dei ikkje har prøvd før, og der dei føler at dei balanserer på grensa av å ha kontroll. Dette oppstår spesielt i situasjonar der barna er involvert med stor høgde eller fart, og det å overvinna frykta for risikoene og det ukjente er det som gjer aktiviteten spanande og risikofylt.

Moment som begeistring, aktivering, glede, spenning og det å vera oppstemt er spesielt enkelt å sjå og finne i risikofylt leik. Sandseter (sitert i Kvello, 2013, s. 180) kategoriserer risikoleik inn i seks kategoriar: (1) Leik med stor høgde – i dette inngår at det er fare for skade og fall, til dømes klatring og balansering i høgde, (2) Leik med stor fart – bygger på at ein har ukontrollert fart og tempo der det er fare for at ein kan treffe noko, til dømes rutsjing og sykling i høg fart, (3) Leik med farlege reiskap – kan føre til skade ved bruk av til dømes øks, sag, kniv, hammar og tau, (4) Leik nær farlege element – der ein kan falle i eller inn i noko som til dømes vatn, sjø, bål og stup, (5) Leik som inneber kamp – i denne kategorien kan barna skade kvarandre ved for eksempel bryting, slåssing og fekting med stokkar og pinnar,

(6) Leik der barna kan forsvinne eller gå seg bort – dette kan oppstå visst barna er utan oppsyn og ikkje har eit spesielt lukka område å retta seg etter i til dømes skog og liknande.

## 1.7 Subjektiv og objektiv risiko

I Marit Boyesen sin doktoravhandling: ”den truende trygghet” ser ho viktigheita av at barn må få oppleve kva som er farleg ved at dei får ta del i situasjonar med akseptabel risiko. Boyesen påpeikar at barn må få utfolda seg i farlege og risikofylte situasjonar, for å finne ut korleis dei skal handtere det. Vidare framhevar ho at det viktigaste sikkerheitstiltaket for barn er at dei gjennom erfaring skal lære kva som er farleg og slik komme seg ut av vanskelege situasjonar (Friluftsrådenes Landsforbund, 2010).

Boyesen skil mellom subjektiv og objektiv risiko i doktoravhandlinga si. Objektiv risiko er meint som den reelle risikoen. Dette gjeld i høve at utstyr og konstruksjonar må følgje sikkerheitskrava som er pålagt i følgje lovar og bestemmingar: tau, boltar og andre sikringar til opphengingar må kunne holde, samt underlaget må ha støttande effekt. Barna må også sikrast mot ytre farar: motorisert trafikk, djupt vatn, høge fall og klemfarar (Friluftsrådenes Landsforbund, 2010).

Subjektiv risiko vert forklart som det ein opplever og den risikoen ein kjenner på. Dette gjeld kva vurdering barna gjer seg i de situasjonane som dukkar opp i leiken. Boyesen presiserar at barn treng utfordrande leikemiljø der de sjølv kan ta ein avgjersle i risikofylte situasjonar ved til dømes når dei klatrar i trer og nyttar stor fart. På denne måten kan dei finne sine grenser for å utvikla seg. Ved ein slik framgangsmåte vil barna sjølv lærast opp til å få eigne erfaringar med kva som er farleg og sjølv ta ein vurdering av kva som er objektive farar (Friluftsrådenes Landsforbund, 2010).

## 1.8 Risikoanalyse

Ordet «risiko» tyder kva som er sannsynet for at noko uønskt skal oppstå eller utvikla seg (Arbeidstilsynet, u.å.). Ved å bruke risikoanalyse kartlegg ein om arbeidsplassen har tilstrekkelige forholdsreglar eller om det her behov for endring. Ved å foreta ein risikoanalyse før ei hending, kan ein gjere eventuelle tiltak for å unngå at ingen blir skada eller sjuk, noko som er hovudmålet til ein risikoanalyse (Grinnhaug, 2010).

## 1.9 Risikoleik – arena for barns utvikling og læring

Barn treng og har stor nytteverdi av å få teste grenser og meistre nye oppgåver og utfordringar. Det er på denne måten de utviklar seg til individ som står sterkt i høve å meistre samfunnet de er ein del av, både her, i notid og i framtid (Sandseter, Hagen & Moser, 2010) Risikoleiken kan bidra til at barna lærer kroppen å kjenne, samt lære kroppen å takle utfordringar. Sandseter peiker på det at barna er fysisk aktive og søker etter motoriske og fysiske utfordringar i leiken, er viktig for deira motoriske utvikling og trening av stadig betre motorisk kontroll (Sandseter et al., 2010, s. 184).

Barn som utøver risikofylt leik, vil også kunne få nyttig og verdifull erfaring i sosiale ferdigheitar, og slik tileigna seg ein positiv og god sosial utvikling. Risikoleiken er nemleg ein god arena for samarbeid mellom barna, ved for eksempel klatring, reiling, aking og skliing i lag. Dei løyser oppgåver og utfordringar i saman, samt fordelar kven som har ansvaret for kva. Dessutan korleis bevegelsesoppgåva for kvar enkelt skal utførast for at de skal nå målet sitt, som til dømes kan vera å klatre til topps i eit tree (Sandseter et al., 2010).

Forsking har også vist at leik som inneheld kamp er også viktig for å utvikla sosiale ferdigheitar. Dette er ein type risikoleik som ofte vert utøvd av gutter. Gjennom forskingsarbeid har det blitt vist at de viktigaste utviklingsmessige funksjonane med å utøve slåssing, bryting, fekting og liknande, i leik, er den sosiale kompetansen barna tileignar seg (Flinn & Ward, 2005). Gjennom kampleiken vil barna vekselvis ha kontrollen, samt vera underlegne, dei får måle krefter og erfare kamp, makt, det å vera underlegen og overlegen, tilpassing, fleksibilitet og problemløysning (Sandseter et al., 2010).

Det å delta i risikofylt leik, kan lære barna å ta avstand frå det de fryktar gjennom ein naturleg progresjon. Det at barna får kjenne på frykt i tidleg alder er viktig for at dei skal vera forberedt til ei eventuell utfording knytt til redsel og angst seinare i livet (Sandseter et al., 2010). Frykta for vatn og høgder er typiske medfødde redsler me har som menneske (Buss 2004, Poulton og Menzies 2002a, 2002b). Vatn og høgder er altså moment som barna i utgangspunkt er skeptiske til og redde for, men som dei gjennom leiken søker etter og utforskar – som til dømes gjennom å klatre i tre og leike ved vatn. Dette fører til at dei får meir kjennskap til det dei i utgangspunktet frykta frå den dagen dei vert fødd – og dei lærar

seg steg for steg å meistre frykta innanfor leikens tilnærma trygge rammer (Aldis, 1975). Risikoleik har på denne måten ein avviklingseffekt på den medfødde redselen: *ein treng ikkje frykte noko ein kan meistre* (Sandseter et al., 2010, s. 186).

Avgjerande faktorar for at barn skal meistre risikoar i framtida deira, handlar om at dei har ein kropp som er sterk, smidig og koordinert, samstundes som at dei får erfaringar som gir mot og mental robustleik i møte med risikofylte situasjonar (Sandseter et al., 2010). For at barn skal lære å meistre og takle risikoar, må de få moglegheit til å vere nær risikofylte situasjonar (Boyesen, 1997). Dette kan vera eit dilemma for dei fleste vaksne som har ansvar for barnet eller barna. Barna får viktig lerdøm og utvikling gjennom å møte på risikofylte situasjonar. Vert barna beskytta mot dette, så vert den viktige lerdømmen og utviklinga frårøva barna (Sandseter et al., 2010).

Mykje av den leiken barna engasjerar seg i og interesserar seg for, er leik som baserer seg på risiko og frykt, og mindre barn søker spenning ved skumle situasjonar slik som reiling i stor fart og det å hoppe frå store høgder (Aldis, 1975). Gjennom å ta sjansar i leiken, får barna trening på å meistre i risikofylte situasjonar (Sandseter et al., 2010).

Risikomestring er nær knytt opp til risikopersepsjon, noko som tyder korleis ein oppfattar og vurderer ein risiko. Ved å få erfaringar med risikosituasjonar vil eit menneske få ein meir realistisk oppfatning av den reelle og faktiske risikoen i ein situasjon, og på denne måten kan ein vera i betre stand til å velge hensiktsmessige reaksjonar og handlingar for å meistre risiko (Sandseter et al., 2010, s. 188).

## 1.10 Forsiktigging rundt barn

I følgje Breivik (2001) har dagens samfunn ført til konsekvensar for barns leik i form av at det blir få moglegheiter for å kunne leike fritt, ta ansvar på eige initiativ, og utsetje seg for fare, usikkerheit og andre typar risiko. Dei fleire sikkerheitsføreskriftene som barnehagen må halda seg til, samt ansvaret personalet i barnehagen sit med for barna, medfører at aktivitetane vert styrt ut i frå det. Dette utgjer at personalet i barnehagen må tenkje over konsekvensar for kva som kan skje med barna i høve til skade og fare, sidan dei sit med ansvaret visst noko skulle oppstå når barna er i barnehagen. Breivik (2009) skildrar barnehagens større innverknad på barn som eit negativt moment, der forsiktigging av barns leik og oppvekst står i sentrum

som ein hindring for barns utfolding og aktivisering. Barnas utfordrande leik og aktivitet vert meir eliminert, og varsemd, sikkerheit og kontroll står meir i fokus i dagens barnehagesamfunn (Breivik, 2001, s. 16).

## **1.11 Bomullsbarna**

Barn som blir overbeskytta av foreldra sine og er såkalla «bomullsbarne», vil i følgje Kvalnes ha eit tynt erfaringsgrunnlag å lære i frå. Foreldre som overbeskyttar barna sine for dei fleste fysiske og psykiske utfordringar kan medføre usjølvstendige barn som er dårligare rusta for eit samfunn i endring.

Kvalnes trekkjer fram at foreldra til bomullsbarne hindrar barna til å utvikle seg grunna den strenge sikkerheita dei må forholda seg til. Kvalnes belyser det viktige ved å opparbeida seg meir bevisstheit kring barnets behov for risiko, då dette er med på å styrke barnets erfaringar og utvikling som individ. Bomullsbarne skadar seg kanskje mindre enn barn for nokre tiår sidan. Prisen å betale er i følgje Kvalnes, barn med ein mykje lågare smerteterskel, samt at dei ikkje får brukte sansane sine til å bli kjent med verda (Kvalnes, 2009).

## **1.12 Barn har godt av risikoleik**

Høgskulektor ved Høgskolen i Oslo og Akershus, Henrik Rostad Neegaard ser på klatring i tre som noko av det beste eit barn kan gjere med tanke på utvikling knytt til risikoleik. Difor er det viktig at barnehagar og barnehagetilsette er bevisste i val av terreng og miljø som barna skal opphalde seg i. I mange typar risikoleik er det nemleg eit stort stimuli av både barnas opplevingar, men også deira fysiske og motoriske utvikling.

Neegaard meiner at dersom barn ikkje opplever risiko så vil dei heller ikkje kunne mestre risiko. Dette er fordi at barna er kroppslige og opplever verda gjennom kroppen sin. Difor er det viktig at barnehagane har eit rørslemiljø som ikkje er for keisamt for barna. Til dømes dersom leikeapparat eller liknande ikkje gir barna utfordringar eller der barna meistrar dei ulike apparata med ein gong, vil dei antakeleg søke nye og større risikoar.

Visst barnehagepersonalet svært overbeskyttande og nektar barna risikoleik, kan det føre til at barna vert engstelige og ikkje skjønar korleis dei skal handtere miljøet rundt seg. Neegaard

meiner at mange av kontrollørane på leikeplassane har lita innsikt i barns behov for risikofylt leik og mange er langt i frå kompetente på dette feltet (Forskning.no, u.å.).

Sandseter har studert barns risikoleik i over ti år og har gjennom forsking sett på blant anna kor stor prosent av barna vert alvorlig skada i barnehagen og treng oppfølging hjå lege. Det viser seg at heile 98 % av skadane som barna fikk var små skader som berre treng enkel hjelp. I følgje Sandseter er slike småskadar viktig at barna opplever, samt er eit teikn på at barna for utfolde seg. Sandseter påpeikar som tidligare nemnd at mange av kontrollørane av leikeapparata og uteområdet i barnehagen ikkje er kompetente på barnas behov for risikofylt leik. Derimot er det noko som barnehagetilsette er fullt kompetente innan. Det er viktig at barna opplever risikoleik og hovudmomentet her er risikomeistring. Dette er det viktigaste ulukkesførebyggande arbeidet ein kan gjere i følgje Sandseter (Langset, 2013).

### **1.13 John Dewey - «Learning by doing»**

Det som John Dewey eigentlig sa var: «Learn to do by knowing and to know by doing» (Hive, u.å.). Seinare har utsegna blitt gjort om til slagordet “learning by doing”, noko som den amerikanske utdanningsfilosofen, pedagogen og psykologen, John Dewey stod for. Dewey hadde lite til overs for skriftleg og akademisk fagkunnskap og meinte at barnas eigne erfaringar var av grunnleggande betyding for deira kunnskap. Han meinte at barnet må assimilere lærestoffet og få tilrettelagt vegleiing, slik at det blir skapt ein relasjon mellom barnet og det nye. For Dewey var aktivitet eit sentralt moment i læringsprosessen til barnet. «I stedet for å se lærestoffet og elevens erfaringer som motsetninger, velger han å se de to som en helhet», seier Dewey (sitert i Imsen, 2009, s. 82). Karakteristisk for de pedagogiske ideane hans, kjem nettopp frå dette slagordet hans. Slagordet har hatt stor betydning for amerikanske skular, men det har også påverka den pedagogiske utviklinga til store delar av resten av verda (snl, 2007).

## **2.0 Metode**

I høve metodeval har me retta oss mot kvalitativ undersøking, der me vil nytta kvalitativt forskingsintervju for å utgreia problemstillinga vår. Ved ein kvalitativ analyse er ein interessert i eigenskapar ved det som vert studert. Her retter ein fokus mot det som er typisk for det som vert studert, samt at ein prøver å finne dei grunnleggande forholda til det

fenomenet ein er interessert i. Forskaren som nyttar seg av kvalitativ undersøking vil prøve å sjå samanhengar, og få tak i totalbiletet. *Gestaltpsykologane seier: Helheten er meir enn summen av de enkelte deler* (Løkken & Søbstad, s. 35, 2011). Dette er eit viktig fokus og sanning for ein kvalitativ orientert forskar. Det er uheldig å splitte eit menneske opp i ”små delar” når ein skal forstå det, difor er det grunnleggande å forske på heile mennesket (Løkken & Søbstad, 2011).

Kvalitativ forsking er også ofte induktiv. Dette tyder at ein gjer ei vurdering eller trekkjer ein konklusjon frå det enkelte/spesielle til det allmenne. Det er materialet ein samlar inn som i stor grad vil styra konklusjonar og teori ein nyttar. Forhands hypotesar og førestillingar kan ofte verta motstridande enn det ein hadde tenkt gjennom forskingsperioden. Difor vert dei erfaringane ein gjer seg gjennom forskingsperioden i stor grad viktige, og ikkje førestillingane ein hadde på førehand (Løkken & Søbstad, 2011).

Filosof Edmund Husserl var grunnleggaren av fenomenologien. Fenomenologi er studie av fenomen, der fenomen definerast som gjenstand for erfaring og forståing. I forhold til kvalitativ forsking er fenomenologi eit omgrep som peikar på ei interesse for å forstå sosiale fenomen ut frå deltakaren eller aktørens eigen oppfatning eller perspektiv av verda (Kvale & Brinkmann, 2009).

Ved ein kvalitativ undersøking er det lite rom for å styre åtferda til de som vert forska på. Studia er derimot retta mot fenomena i sine ”vanlige” omgivnadar. Nærleik og kjensle til det som vert studert, er i fokus. Ein har eit ope samspel med det ein ynskjer å finne meir ut om. Eit viktig moment ved den kvalitative metoden er at målet meir er forståing enn forklaring (Løkken & Søbstad, s. 36, 2011). Det å forstå motiver og hensikter og få djup innsikt i menneskeleg åtferd står sentralt.

## 2.1 Kvalitativt forskingsintervju

Merkevaren til det kvalitative forskings intervjuet er at det er opent intervju, og formålet er ikke å kontrollere og styre intervjupersonens svar. Sentrale moment ved eit kvalitativt forskingsintervju er at ein viser er open for nye fenomen og viker vekk frå ferdige oppsette kategoriar og tolkingsskjema, slik som det vert brukt i eit kvantitativt intervju i form av eit strukturert spørjeskjema til dømes (Stubberud, 2002).

I det kvalitative forskingsintervjuet konstruerast kunnskap i samspel eller interaksjon mellom leiaren av intervjuet og intervjuobjektet. Intervjuet vert bygd på «malen» til den daglegdagse samtale, der det er utveksling av synspunkt mellom to personar om eit tema begge har interesse for (Kvale & Brinkmann, 2009). Hensikta med intervjuet i vår studie, vil vera å få fram personalet i barnehagen sine erfaringar og kunnskap knytta til helse, miljø og sikkerheit i forhold til barns utfolding i risikobasert leik.

I gjennomføringa av intervjeta vil me bruke ein intervjuguide. Ved å nytte ein intervjuguide vil ein ha ei liste med spørsmål som er utarbeida og planlagt på førehand. Dette vil vera ei ramme for samtalens (Løkken & Søbstad, 2011). Ved å ha utvikla spørsmål på førehand kan me rettleia intervjuobjekt inn på sentrale moment som me ynskjer å få meir kunnskap og erfaringar rundt i høve til problemstillinga vår. Intervjuet vil også verta basert på struktur, eit strukturert intervju, der me som forskar vil leggje fram og ta opp dei same spørsmåla i høve alle intervjuobjekta (Kvale & Brinkmann, 2009). Ved å stille alle like spørsmål kan me få eit breitt spekter rundt dei tema me vel å ta opp i intervjuet. Ved å praktisere dei same spørsmåla til alle intervjuobjekta kan me få ulike synspunkt, skilnader og likskapar, som kan bidra til å gi oss god oversikt over HMS og risikoleikens plass i barnehagen.

## 2.2 Transkribering og etisk ansvar

Me har valt å brukt intervju som metode i forskinga vår. Her har me utarbeida skriv med informasjon kring forskinga, og sendt til pedagogane og styrar i ein barnehage, med spørsmål om dei ynskjer å delta. Pedagogane og styrar vil vera anonyme, men intervjuet vil bli tatt opp på lydopptak. Lydopptaket og notatane til intervjuet vil me transkribere i etterkant.

Under eit intervju tar ein gjerne notat eller for eksempel lydopptak for å sikre seg at ein får med alt av svaret til intervjuobjektet. For å overføre intervjuet frå munnleg tale til skriftleg tekst vil det vera naturlig å transkribere dette. I følgje Kvale og Brinkmann (2009, s. 118) vil ein no klargjera intervjumaterialet for analyse og skrive det om utan å tilføre ny informasjon eller ta vekk nødvendig informasjon i svaret til intervjuobjektet. I følgje Jette Fog må ein likevel som intervjuar ha eit etisk ansvar, då det kan oppstå dilemma mellom ynskje å få mest mogleg kunnskap, samstundes at ein respekterer intervupersonens integritet (sitert i Kvale & Bringmann, 2009, s. 184). Fog (Ibid) har presentert etiske dilemma som intervjuar vil stå ovanfor under eit intervju. Som intervjuar ynskjer ein gjerne at intervjuet skal vera så

djuptgåande som mogeleg og at ein får så grundig svar som mogleg frå intervjupersonen. Her kan ein då risikere å krenke intervjupersonen, sjølv om ein ynskjer å respektere han eller ho for svara som blir gitt. Dilemma som kan oppstå er at ein får eit empirisk svar som berre dekkjer overflata og ikkje går i djupna slik som intervjuar gjerne ynskte.

Andre etiske element som kan oppstå er at intervjuobjekt signaliserer gjennom kroppsspråk andre tilbakemeldingar enn det som vert uttrykt verbalt. Ved at intervjuar ikkje oppfattar dei motstridande signala, kan det medføre at analysen av intervjuet vil bli slik som intervjuobjektet verbalt seier, men nødvendigvis ikkje meiner.

## 2.3 Reliabilitet og Validitet

Reliabilitet handlar om i kva grad forskingsresultatet er påliteleg. Reliabilitet går ut på om andre forskrar kjem fram til same resultat ved bruk av same forskingsmetode på eit seinare tidspunkt. Ved forsking så ynskjer ein at forskingsresultatet skal vera så påliteleg som mogeleg. Me har valt å intervju 5 personar i barnehagen av begge kjønn, men som også har ulik bakgrunn. Dette er noko som kan påverke vårt resultat (Kvale og Brinkmann, 2009). For oss er det viktig at resultatet blir så påliteleg som mogeleg, difor vil me vera påpasselege med å ikkje feiltolke svara, forhindre at det oppstår misforståing mellom oss og intervjuobjekt, samt at me ikkje har ledande spørsmål. Validitet vert i følgje Kvale og Brinkmann (2009, s. 250) definert som sanning, styrke og det som er riktig. Validitet viser til ein metode som kan bli brukt til å undersøke det den faktisk skal undersøke (Kvale og Brinkmann, 2009). Etter intervjuha har blitt utført vil me validere feilkjeldene våre. På den måten vil me kontrollere verifikasjonen til resultata.

## 2.4 Intervjuobjekt

Gjennom utvalet av intervjuobjekta har me vurdert kva som kan gi oss mest mogeleg pålitelege svar, samt erfaringsbasert kunnskap om temaet og problemstillinga vår. Me har valt å bruke de fire pedagogiske leiarane i barnehagen, samt styrar. Det er ein mannleg pedagogisk leiar og tre kvinnelige. De pedagogiske leiarane har ulik erfaring frå barnehagen med tanke på kor mange år de har vore utdanna førskulelærar, så de vil verta interessant å sjå på ulikskapar

og likskapar i forhold til erfaringar og kunnskap rundt problemstillinga vår tross ulik arbeidsbakgrunn.

Me vel også å bruke styrar i barnehagen i forskingsarbeidet vårt. Det kan verta interessant å sjå om styrar og de pedagogiske leiarane er einige eller ueinige om at HMS har ein innverknad på barns deltaking og utfolding i risikoleik.

Den eine kvinnelege pedagogiske leiaren er også HMS ansvarleg i barnehagen. I forhold til dette så kan me vinkle spørsmåla til ho som ein pedagogisk leiar for ei barnegruppe, samt som HMS ansvarleg for heile barnehagen. Dette kan gi oss betre innsikt, samt meir truverdige og pålitelege datainnsamlingar.

## 2.5 Gjennomføring av kvalitativ forsking

Ved gjennomføringa av det kvalitative intervjuet valte me å bruke ein barnehage. I årsplanen til barnehagen får ein fram deira visjon som legg vekt på sjølvstendiggjering gjennom leik, sosial læring og gode naturopplevingar. Dei ulike avdelingane har faste turdagar i veka. Me informerte personalet i barnehagen tidleg om bacheloroppgåva, og gav instruksar for korleis me ville løyse oppgåva ved å gjennomføra intervju med fleire frå personalet. På førehand sendte me eit brev til barnehagen som omhandla gjennomføringa av undersøkinga vår, samt kva me skulle nytte datainnsamling til. Me fekk godkjenning til å bruke datamaterialet som me samla inn til bacheloroppgåva.

På førehand av gjennomføring av undersøkinga i barnehagen utforma me ein intervjuguide, der me laga spørsmål knytt til vårt problemområde. Før me byrja undersøkinga for alvor, ynskte me å kontrollere om spørsmåla ikkje var for openlyse for personalet me skulle intervju. Difor intervjuia me ein ”testperson» frå barnehagen først, for å kontrollera om spørsmåla ikkje var for leiande og vanskeleg formulert for dei som skulle svara.

Gjennomføringa av undersøkinga vart sett til to veker. Tidleg i denne avsette perioden fekk me inn tid og dag for kva tid kvart intervju skulle gjennomførast. Det vart litt omrokkeringar i høve til tidspunkt dei ulike intervjuia eigentleg skulle gjennomførast. Dette skuldast lite bemanning blant personalet enkelte dagar og møtetid der det var ugunstig å gjennomføre intervjuet dei dagane. Dette medførte at me måtte gjennomføre to intervju ein av dagane, noko som gjorde at det vart litt hektisk, og me opplevde eit av intervjuobjekta stressa seg litt gjennom enkelte spørsmål til tider. Dermed valde me å vera audmjuke og opne og tilbydde intervjuobjekta å avlegge svar i eit anna tidsrom.

Gjennom utføringa av intervjuet var me berre ein person som skulle stille spørsmål og skrive ned. Difor valte me å bruke lyd opptak, samt notere ned viktige moment som intervjuobjekta uttrykka. Dette var personalet som blei intervjuet veldig opne for og det var kun ein av fire intervjuobjekt som ikkje godkjente dette. Intervjuet føregjekk i eit møterom i barnehagen, noko som kunne medføre litt trafikk inn og ut av rommet. Men dette vart ikkje nokre generell forstyrring, då det berre skjedde ein gong gjennom heile undersøkingsfasen.

Før me starta sjølve undersøkinga gav me litt informasjon kring temaet oppgåva vår bygde opp under. Dette var også personalet innforstått med ut i frå tidligare informasjon frå oss, noko som medførte at dei hadde god kontroll på tematikken gjennom undersøkinga.

Intervjuobjekta fekk også spørsmåla skriftleg, slik at dei kunne lese spørsmålet på eiga hand visst de var usikre på formuleringa til intervjuar. Sidan me brukte lydopptak gav me også instruksar om at me ville bare skrive ned materialet frå telefonen, og deretter slette det. Me informerte også om at det var kun intervjuaren som skulle høre på lydopptaket og føre det ned. Me spurde også kandidatane om de ville diskutera temaet vår litt på førehand av intervjuet, eller om dei var trygge på innhaldet og spørsmåla. De var ingen av intervjuobjekta som hadde behov for å diskutera noko utover temaet før intervjuet vart sett i gong.

I forhold til tidsperspektivet til kvar kandidat som vart intervjuet, så brukte me den tida dei ønska og hadde behov for med tanke på å svare på spørsmåla. Me tok oss god tid, og stressa oss ikkje gjennom spørsmåla. Men me opplevde at ein av kandidatane hadde behov for å vera to stader samstundes då det var full aktivitet blant barn på uteområdet, noko som medførte at han svarte kort og konsist på spørsmåla. Dette såg me likevel ikkje som nokon utfordring, då han fekk fram gode og tydlege svar og poeng.

Gjennom intervjuet gav me tilbakemeldingar til intervjuobjekta om at dei avla veldig interessante og gode svar, så det var eit bevisst val å vera varme og opne mot kandidatane gjennom utføringa av intervjuet. Etter intervjuet fekk intervjuobjekta komme med aktuelle tilføyinger dersom dei ønska det.

Me vel også å gi intervjuobjekta fiktiv koding i oppgåva ved å bruke PK, PM og DK: PK tyder pedagogisk leiar – kvinne, PM tyder pedagogisk leiar – mann og DK styrer dagleg leiar – kvinne. Me har også nummerert de ulike kodenamna.

## 3.0 Presentasjon og drøfting av resultat

Me vil under denne delen ta føre oss presentasjon, samt drøfting av resultata frå forskinga vår i barnehagen. Me vil gjennom resultata belyse svara til intervjuobjekta, samt støtte opp deira tilbakemeldingar gjennom reflektert teori og eigne tankar.

### 3.1 Tankar kring risikoleik

I dette temaet vil me ta føre oss svara frå intervjuet med gjorde kring kva tankar intervjuobjekta har rundt risikoleik. Her vil me legge vekt på deira definisjon av omgrepene, risikoleik, samt deira meningar kring praktisering av det i barnehagen.

Tankar intervjupersonane har er svært like når det kjem til definisjon av ordet, risikoleik. Her seier dei at dei tenkjer det handlar om leik som kan gi ein risiko for skade hos barnet.

PK1 seier også at ho tenkjer at risikoleik er slik at enten leiken utartar seg av seg sjølve, eller ved at den har risikofaktorar i seg allereie i frå byrjinga av.

Både PM1 og PK3 er samde om at ved risikoleik så får barna teste ut grensene sine litt. PK3 trekker også fram at barna som driv med risikoleik får lov å for eksempel klatre høgare opp i eit tre enn ein voksen vil vera komfortabel med. Vidare påpeikar ho at «*av og til så setter de gjerna å slår seg litt, men samtidig så finne de sine avgrensingar. Eg tenkje da der at da kan vera risiko i det, men at de får prøva seg*

DK1 poengterer at risikoleik går meir ut over dei trygge rammene til barna. Her legg ho til at det kan gjelde kva som helst eigentleg, men at risikoleiken i seg sjølv er med på å utfordre barna litt. Vidare seier ho at når det kjem til risikoleik så er det ofte barna som søker denne type leik sjølv, utan innspel i frå voksne.

I følgje Sandseter (2010b) inneholder risikoleikens karakter ein viss fare for fysisk skade hos barn, samt utfordring og spenningsmoment. Alle intervjuobjekta har ein tilnærma lik felles definisjon av ordet risikoleik noko som samsvarar med Sandseters (2010b) skildring av risikoleikens karakter.

Ord som fare og skade på barna blir lagt vekt på når me spør intervjuobjekta om tankar kring risikoleik. Ut i frå PM1 og PK3 sitt perspektiv testar barna sine eigne grenser i risikoleiken. Sandseter (2010) peiker på at barna utviklar seg til individ som står sterkt i høve til å mestre

samfunnet de er ein del av, visst dei får moglegheit til å kjenne på kvar sine grenser går. Det kan tyde på at PM1 og PK2 som begge er utdanna førskulelærarar sitt med fagleg kunnskap rundt barns risikoleik, sida de påpeiker grensetesting som eit positivt moment i risikofylte situasjonar. Andre faktorar som kan spele inn er erfaringsbasert kunnskap kring temaet. Då tenkjer me at PM1 og PK2 har innhenta kunnskap frå situasjonar med barn, der det har blitt utøvd risikofylte aktivitetar.

Kvalnes (2009) har satt omgrepet ”bomullsbarna” i lys, der han definerer det som barn som vert overbeskytta av foreldra, og hindra i utvikle seg grunna den strenge sikkerheita de må innfinne seg med. Kvalnes (2009) tar også opp at risikofylt vil leik styrke barnets erfaringar, og på denne måten vera med å utvikle barnet til eit sjølvstendig individ. DK1 har ein tilnærma lik oppfatning av Kvalnes sine utsegn, der ho skildrar risikoleik som der barna går utover de trygge rammene, samt at risikoleiken i seg sjølv er med på å utfordre barna.

Ut i frå Kvalnes (2009) sine bekymringar om ”bomullsbarna”, kan det tyde på at dagens samfunn har rette fokuset meir mot barns sikkerheit, enn deira behov for utvikling gjennom risikofylte aktivitetar. Me tenker det er positiv at DK1 som er dagleg leiar i barnehagen, har slike haldingar og kunnskap kring risikoleikens tyding. Me tenkjer at hennar verdiar og holdningar knytt til barns risikoleik, kan ha ei positiv påverknad i personalets arbeid med barn.

### **3.2 HMS knytt til risikoleik i barnehagen**

I dette avsnittet vil me trekkje fram kva tankar intervjupersonane har kring HMS knytt til risikoleik. Me vil også sjå korleis arbeid med HMS vert infiltrert i det pedagogiske arbeidet knytt til risikoleik i barnehagen.

HMS dekker ein god del av barnehagen som verksemد og alle intervjuobjekta poengterer at dei har blant anna vernerunde kvar morgen i barnehagen. Det vert skriven avvik dersom det er vert funne nokre gjenstandar som kan føre til skade på barn. Det er også halvtårskontroll av ekstern kontrollør, samt personalet er jamleg på kurs for å halde seg oppdatert innan HMS.

PM1 og PK1 er samde om at barnehagen har lite sjølpålagte reglar som gjeld berre for denne barnehagen, men dei har eit par uskrivne reglar, som til dømes forbod mot klatring på gjerdet.

Samstundes er det ikkje lov at dei vaksne løftar barna opp på taket til for eksempel leikehuset. Fleire av barna likar godt å leike her, men kjem dei seg ikkje opp sjølv, så er det ikkje trygge nok til å vera der, noko som igjen kan føre til at dei fell ned. Vidare påpeikar PK1 at barna skapar erfaringar gjennom risikoleik. Dette er noko som PK2 også legg vekt på i sitt svar kring tankar rundt HMS-arbeid knytt til risikoleik i barnehagen. Ho trekker også fram at HMS i barnehagen kan vera med på å øydeleggje ein god lek som barna tar del i.

PK2 seier ho forbinder HMS med at alt i barnehagen skal vera sikkert for både barn og personalet, der det er mange reglar og forskrifter ein må forholda seg til. Vidare seier ho at «*me har snakka om me skal ha trea på barnehagens sitt område eller skal me saga de ned i forhold til om barna kan skade seg ved å nytte dei*».

Då PK3 tenkjer HMS knytt til risikoleik i barnehagen, er det sikkerheit ho legg vekt på. Ho meiner at i forhold til risikoleik så lagar ein det så trygt som ein kan gjere det for barna. Likevel så meina PK3 at ein kan ikkje fjerna alle trea for det er fare for at barna kan klatre i dei. Vidare seie ho at me er opptatt av tryggleiken skal vera der for barna, utan at me øydelegg moglegheitene deira av den grunn.

I intervjuet med DK1 poengterer ho at HMS er veldig stort, men at det går mykje ut på å førebyggje skadar og slitasje. Vidare seie DK1 at i barnehagen så lagar eg som dagleg leiar, samt verneombod ein risikoanalyse viss det er noko me er usikre på. Det vert utforma ein risikoanalyse då ei jente fall ned frå eit tre, men me konkluderte saman med jentas foreldre at treet skulle stå, tross ulykka. DK1 påpeikar at det er heile tida ein balanse mellom å utfordra barn kontra tryggleik. Likevel er det fokus på tryggleik heile tida, både når dei er ute her i barnehagen og på tur.

Boyesen (2010) definerar objektiv risiko som den reelle risikoen. Dette handlar om at alt av utstyr og konstruksjonar må følgje sikkerheitskrava som er pålagt i lovar og bestemningar. Dette gjeld tau, boltar og andre sikringar til opphengingar, samt underlag. Barnehagen har rutinar på halvårskontroll av ekstern kontrollør, og dette kan tyde på at dei følgje sikkerheitskrava som pålagt i følgje lovar og bestemningar.

Under objektiv risiko peikar også Boyesen (2010) på at barn må sikrast mot ytre farar. Vernerunden som alle intervjuobjekta nemner kan bidra til å avdekke ytre farar som kan

medføre skade på barna. Barnehagen ligg midt i eit stort byggjefelt, noko som me tenker kan medføre at andre personar nyttar området på ettermiddag og kveldstid. Difor ser me på det som eit viktig tiltak at barnehagen har denne vernerunden kvar morgen, for å sikre seg at det ikkje ligg igjen nokre uønska spor som kan medføre skade på barn i leiken deira.

Den daglege leiaren forklarar i intervjuet at ho og verneombod utarbeidar ein risikoanalyse visst det er saker barnehagen er usikre på. Arbeidstilsynet (u.å.) omtalar ordet "risiko" som kva som er sannsynet for at noko uønska skal oppstå eller utvikla seg. Grinnhaug (2010) peiker på at hovudmålet for ein risikoanalyse, er at den blant anna skal gjere eventuelle tiltak for å unngå at ingen vert skada. I intervjuet med DK1 kjem det fram at det vart utforma ein risikoanalyse grunna eit fall frå eit tre i barnehagen. Me tenker det er viktig og positivt at barnehagen valte å ta foreldra til dette barna med i drøftinga av korleis dei ville handtera situasjonen, ut i frå om treet skulle framleis ha ein plass i barnehagen eller fjernast. Dette samsvarar med barnehagelovens (2008) formål der "*Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barns behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling*" (Barnehageloven, 2008).

Det er fleire av intervjuobjekta som framhev risikoleiken som eit bidrag til barna, der de tileignar seg erfaringsbasert læring. PK2 forklarar at ho legg vekt på dette når det gjeld hennar tankar kring HMS arbeid knytt til risikoleik i barnehagen. Ho presiserar også at HMS reglementet barnehagen må følgje kan bidra til å øydelegge ein god leik som barna tar del i. Sandseter (Langset, 2013) utdstrup at mange av kontrollørane av leike apparata og uteområdet til barnehagar ikkje har nok kunnskap og kompetanse i forhold til barns risikofylte leik. Det kan difor tyde på at risikoleiken slik som PK2 påpeiker vert øydelagt grunna eit HMS retta perspektiv som stiller sikkerheitskrav og føringer framfor barnets moglegheit for utvikling i deltaking i risikofylte leiksituasjonar. Me tenkjer det kan vera uheldig at personalet i barnehagar må innfinne seg i slike reglement, då det er dei som har sjølve erfaringa og kunnskapen rundt dette temaet.

### **3.3 Risikoleikens grenser**

I dette temaet har sett på om intervrukandidatane har nokre spesifikke syn på kor grensene bør gå i forhold til barns risikoleik. Dette kan gi oss ein peikepinn på om HMS reglar har ein innverknad eller ikkje på personalets grensesetting for barns risikoleik i barnehagen.

PM1 ser på grensesetting for risikoleik som ein individuell faktor. Vidare følg PM1 opp med at det kjem heilt ann på kvar forsiktig ein er som vaksen blant barns risikofylte utforsking. PK1 seier at barnehagen ikkje har nokre spesifikke nedskrivne reglar, men at grensene bør settast visst ein ser det kan gå skikkelig gale. PK1 seier også at grensene barnehagen er komet fram til, er på grunnlag av visst det har skjedd noko tillegare.

PK2 forklarer at grensene går i forhold til kva me har lovt til, sett frå eit HMS perspektiv. Ho framhev også sunn fornuft blant vaksne som eit viktig moment. Ho påpeiker samstundes at barna må få prøve for at de skal kunne meistre litt skumle situasjonar, men at det ikkje skal gå på liv og helse. Mykje diskusjonar blant personalgruppa har forma litt av vår grensesetting, påpeikar PK2 avslutningsvis.

I forhold til PK3 så vil hennar grense for barns risikoleik nærme seg når det er verkeleg fare for skade. Grensene går visst det vert helseskadeleg for barna, uttrykk PK3 i intervjuet. Vidare fortel ho at det handlar mykje om erfaring og kva me vaksne vågar at barna tar del i. Ho seier at de vaksne må ha litt is i magen og sjå barnet ann i situasjonen, medan ho understreka at det er ikkje så ofte det skjer nokre store uhell, sjølv om det kan sjå farleg ut. Ho peikar på at nokre må vera nybrots folk, og la barna teste grenser og utfolde seg tross risikoen.

Grensene til barnehagen er sett ut i frå kva ein har lovt til og ikkje, understrekar DK1. Fallhøgde og underlag er eksempel på dette, peiker ho på. Ho følg opp med at barnehagen har fokus på kvelingsfare. Dette vert også kontrollert når de kjem eksterne kontrollørar undersøke barnehagen sitt område. Vidare seier ho at det som ikkje er lovfesta går på sunn fornuft, og dette blir eit samarbeid mellom pedagogane og fagarbeidarane. Den mannlige pedagogiske leiaren er klar på at grensene er ein individuell faktor, som vert danna i høve kor forsiktig ein er som vaksen i barns risikofylte utforsking. Han trekkjer ikkje fram sikkerheitstiltaka og HMS reglar, slik som PK2, PK3 og DK1 særskild gjer. PK2 er veldig konkret i talemåten sin då ho peikar på at grensene går ut i frå kva ein har lovt til i forhold til eit HMS retta perspektiv. Helse, miljø og sikkerheit har eit vidt spekter av regelverk som barnehagen må følgje. Bortsett frå interne regelverk i sjølve barnehagen, må dei også følgje Barnehageloven (2006), Arbeidsmiljøloven (2006), Forskrift om miljøretta helsevens i barnehage og skule (1996) og Produktkontroll loven med forskrifter (1997). Det er altså eit stort område av lovar og regelverk som fleire av intervjuobjekta peiker å på de praktiserer

grensesetting opp mot. Det kan tyde på at DK1 har ein betre innføring i spesifikke moment i høve desse reglane, då ho kjem med konkrete eksempel på fallhøgde og kvelingsfare som moment som barnehagen jobbar med. Me får også inntrykk av at nokre av intervjuobjekta fokuserar på andre moment enn bare helse, miljø og sikkerheit som ein faktor for grensesettinga deira i høve barns risikoleik. Slik som PM1 forklarar, vektlegg han den vaksne sine holdningar rundt grensesetting i forhold til kor forsiktige ein er også.

De fleste intervjuobjekta meiner også at grensene bør settast visst det kan gå skikkelig gale og at det kan medføre alvorlege skader. I følgje Lovdata (Regjeringen, 1999) skal alt utstyr i barnehagen vera bygd slik at man kan forlate det utan at ein kan utsetja seg for større risiko for skade. Til dømes skal leikeutstyr vera slik at risikoen for fall og skade, er redusert til eit minimum. Leikeutstyr er høgare enn 60 cm, må ha eit falldempande underlag. Slike reglar er i følgje DK1 med på å setje grenser for risikoleiken til barna. Likevel spelar de vaksne sin sunne fornuft som oftast inn.

I følgje Rammeplanen skal barnehagen inspirere alle barna til å søkje fysiske utfordringar og bruke kroppen sin (Kunnskapsdepartementet, 2011). For å inspirere alle barna så krevjar det ein forståing av at barna er ulike individ og har ulik føresetnad, erfaring og ferdigheiter. Detter er også noko som PK3 påpeikar. Barna har forskjellige ferdigheitar og erfaringar, så difor kan hennar grenser for risikoleik vera ulik frå barn til barn.

### **3.4 Fremming og avgrensing i barns leik og fysisk utfolding**

I dette temaet tar me for oss svara me fekk då me spurde intervjuobjekta om kva som fremjar og avgrensar barns leik og fysisk utfolding. Dette kan gi oss ein innføring om personalet i barnehagen har kunnskap rundt moment som både kan vera ein fremming og ei avgrensing for barns leik og fysiske utfolding.

PM1 forteljar at turane som barnehagegruppa hans er på fremjar barns leik og fysisk utfolding, mens barnehagen sitt område avgrensar det. Vidare forklarer han at leiken på barnehagen sitt området blir fort keisamt og konfliktfull blant barn, mens i skogen vert leiken utforma på ein heilt annan måte. Barna finn meir roen når de er i skogen, poengterer han.

PK1 ser på de faste turdagane som eit viktig moment for å fremja barns moglegheit for leik og fysisk utfolding. Tilrettelagte fysiske miljø og aktive vaksne er alle viktige og gode alternativ for at barna skal få god leik og fysisk utfolding, i følgje PK1. Kandidaten følg opp med at avgrensingar kan vera prega av de faste rutinane i barnehagen, samt passive vaksne som avgrensar for barns leik og fysisk utfolding.

PK2 er samstemde med de andre intervjuobjekta når det gjeld tur utanfor barnehagen sitt område. Ho ser på dette som ein god fremjar for barns leik og fysisk utfolding, og at barna kan få grovmotorisk trening av det. Påfølgande seier ho at: ”*Aktive vaksne, gir også meir aktive barn*”. Kreativitet blant de vaksne i saman med barn, nemnar ho også som ein viktig byggjestein for å fremja barns leik og fysisk utfolding. I forhold til avgrensing ser PK2 på de vaksne sine innspel som ein hindring. Ho peikar på at de vaksne kan forstyrre leiken eller hindre barna i å ta det heilt ut. Klede kan også medføre avgrensing, uttrykk PK2. Ho legg også til at barnehagen sitt område kan vera med å avgrensa, men at barna får ta seg heilt ut på tur.

Sikkerheitsreglar er nok noko som kan avgrense litt for barns leik og fysisk utfolding, peikar PK3 på. Miljøet inne er for eksempel mykje meir avgrensa enn ute miljøet. Det kan fort bli skadar og eit høgt lyd nivå inne, difor er det aktivitetar som barna må utføre ute, forklarar PK3. At de vaksne er med å gi barna litt ukjente med gode opplevingar, og gir barna håp om at litt skumle ting ikkje er så farleg, så kan absolutt det vera med å fremja for barna, forklarar PK3. Ho følg også opp med: ”*Hadde andre vaksne sitt meg og mitt personale i skogen av og til så hadde de sikkert trudd me var innlagt heile gjengen. Men me gjere jo det for å visa at det ikkje er farleg*”.

PK3 har også eit relativt likt syn som PK2 i forhold til vaksne sine innspel i barns leik. Men ho ser på de vaksne som alternativ både for fremjing og avgrensing. PK3 presiserer at det er viktig at me vaksne er støttande og gode samtalepartnarar i litt ”skumle” og vanskelege utfordringar som barna møter på. Ho ser også viktigheita av å ta barna på alvor og oppmunstre de. Det fysiske miljøet både på området til barnehagen og kor ein vel å gå på tur, er avgjerande for fremjing av barns leik og fysiske utfolding, avklarar PK3.

Avslutningsvis ser også PK3 på nytt tur områder som ein avgrensing for barna, her er de ukjente og har ingen forventningar til staden. Ho seier også at: ”*Me vaksne kan lika godt*

*avgrensa og øydelegge, så me kan legga til rette og skapa, da handlar om kva val me vaksne gjer oss i saman med barna”.*

DK1 ser på lovar, regelverk og sikringstiltak som viktige innafør eit området som er definert som barnehagen, men ho ser også at det legge an til ei form for avgrensing i forhold til barns leik og spesielt risikoleik. Ho eksemplifiserer vidare slik: ”*Visst det ikkje var nokre lovar og reglar og barna bare kunne gjere alt som de ville, ja det hadde sikkert gått bra, men me ville nok hatt fleire utrygge episodar*”. Ho ser også at god leik kan avvike grunna lovverket. Her kjem ho med eksempel i høve til hoppetau, då de ikkje får lovt å ha dette liggande i barnehagen. DK1 påpeiker at alle reglane barnehagen har vil avgrensa barna på eit eller anna vis.

Det er ein tydleg felles komponent blant de pedagogiske leiarane sitt svar i forhold til fremming og avgrensing i barns leik og fysiske utfolding. Alle meinat tur utanfor barnehagen sitt område er med på å fremme barn sine moglegheiter for leik og fysisk utfolding. PM1 er klar i bodskapen sin der han seier at: ”*turar fremjar barns leik og fysiske utfolding og barnehagen sitt område avgrensar det*”. I Kunnskapsdepartementet sin vegleiar for utforming av barnehagens områder vert det framstilt at barnehagar ikkje har store nok uteområdar til å tilfredsstilla vegleiande norm for uteområde (Regjeringa, 1999). Ut i frå PK1 sitt bodskap kan me tolke det slik at barnehagen sitt område har manglar for at barna skal få best mogleg utbytte av varierte og utfordrande aktivitetar. PM1 ser også skilnad på barnas oppførsel i skogen og på barnehagen sitt uteområde. Han presiserer også at leiken vert utforma i meir positiv retning i skogen, då uteområdet i barnehagen fort blir keisam og fører til konfliktar mellom barna. Sandseter (2010) skildrar risikoleikens innhald med moment som begeistring, aktivering, glede, spenning og at barna er oppstemt. Ut i frå PK1 sine utspel kan det verke som skogsområde og turar er bidragsytarar for at barna skal få oppleve risikoleikens kjenneteikn, men at området til barnehagen stagnerer moglegskapen for det. PK2 er også bevisst på at barnehagen sitt område avgrensar der barna ikkje får ta seg heilt ut, medan tur avgrensar lite. Sandseter (2010) forklarar at barna er fysisk aktive og søker mot motorisk og fysiske utfordringar i leiken, som er viktig for deira motoriske utvikling og trening av stadig betre motorisk kontroll. PK2 argumenterer nettopp for at tur utanfor barnehagen vil fremje barns leik og fysiske utfolding, samstundes som terrenget kan gi barna motorisk trening, slik som Sandseter (2010) påpeiker barna søker mot i leiken sin.

I svara til fleire av de kvinnelege pedagogiske leiarane framhevar alle passive vaksne som ein faktor for avgrensing i barns leik og fysiske utfolding. De vaksnes forstyrring av leiken eller hindring for at barna får ta det heilt ut, er døme PK3 kjem med i forhold til det. Breivik (2001) gir uttrykk for barnehagens større innflytelse på barn som eit negativt moment, då forsiktigjering av barns leik og oppvekst står i sentrum som eit hinder for barns utfolding og aktivisering. Ut i frå intervjukandidatane sine innspel kan det tenkast at ansvaret og sikkerheitsreglane barnehagepersonalet, barnehagen og den daglege leiaren sitt med, kan vera ein faktor i forhold til korleis de vaksne vel å forholda seg til barns risikoleik. Helse, miljø og sikkerheit i barnehagen omfattar nemleg fleire felt med regelverk som må følgjast, blant anna barnehageloven (2006) og arbeidsmiljøloven (2006) for å nemne nokre. Breivik (2001) påpeiker at de sikkerheitsføreskriftene som barnehagen må helde seg til, samt personalet sitt ansvar for barna, medføre at aktiviteten vert styrt ut i frå det. Det er viktig at barnehagar har lovar og reglar slik at det er mindre fare for at alvorlege ulykker skal oppstå. Men det er openbart ut frå de kvinnelege pedagogane sitt svar at personalet må vera oppmuntrande og opne i forhold til barns risikoleik for at det skal fremjast og ikkje avgrensast i barnehagar. Den daglege leiaren nemner også dette då ho forklarar at det hadde vore fleire utsyrke episodar i barnehagen, visst dei ikkje hadde hatt HMS reglar som de var pliktige til å følgje.

### **3.5 Risikoleikens fysiske og psykiske gevinst til barna**

I dette temaet tar me for oss om svara intervjuobjekta avla i forhold til om barns risikoleik er viktig for den fysiske og psykiske utviklinga til barna.

PM1 svarer ”JAJAJA”, kontant etter spørsmålet er stilt. Han forklarer at ein alltid må ”pushe” barna til å prøve nye ting, slik at de kan oppnå mestringskjensla og få kjensla av at ein ikkje heilt strekker til, men med øving så oppnår ein det. PM1 seier også at grada av vanskar må gå gradvis i rett retning, slik at barna får utfordra seg.

PK1 ser også på risikoleiken til barna som ein positiv gevinst i høve deira fysiske og psykiske utvikling. Ho seier at barna blir sterkare og tryggare på seg sjølv visst de får klatre i trer, der de må bevege heile kroppen. Ho eksemplifiserer også med at når barna smir med kniv så får de øvd finmotorikken. I forhold til den psykiske delen så seier PK1 at risikoleiken er veldig aktuell når det gjeld at barna skal få oppnå kjensla av å mestra. Ho held fram med å vise til

eksempel:” Det at de kan mestra å smi, mestra å klatre opp i treet. Kanskje de klare ei grein ein gong, og to greiner neste gong, at de kjem seg høgare og høgare opp”.

PK2 er samstemd med de andre kandidatane om at risikoleiken er ein viktig faktor for barns psykiske og fysiske utvikling. Ho seier at barn er nøydt til å erfara for å læra. Vidare forklarer PK2 at barn må kjenne på smerte, for å finne ut korleis de kan løyse rørsleoppgåva betre. Ho gir døme på dette i forhold til småbarnsbasen, der barna opplev mykje knall og fall på rutsjebanen, men at denne erfaringa gjer de meir kjent med korleis de kan unngå smerte og kollisjon med andre barn eller objekt.

PK3 seier: ”*Du vågar ingenting visst du heile tida blir fortalt at ting er farleg*”. Vidare forklarer ho at det er viktig å utfordre barna litt på å prøve, for at de skal oppnå mestring i risikoleiken. PK3 ser også at barna har ulik fysikk. Ho følg og med at nokre barn har god balanse og andre litt därlegare, og difor er det viktig at barna får prøve slik at de finn dette ut. DK1 seier momentant ”Klart det”. Ho forklare at barna alltid vil teste ut nye ting, noko som kan føre til mestring som igjen kan gjera at de får lyst til å prøve enda meir. Men ho ser også at barna er ulike og kvart barn har ei grensa for kvar langt de vil gå. Nokre barn må avgrensast mens nokre må motiverast og oppmuntrast følg DK1 opp med.

I følgje Sandseter (2010) kan risikoleiken vera ein bidragsytar til at barna lærer kroppen å kjenne, samt lærer kroppen å takle utfordringar. Barna vil også kunne få nyttige og verdifulle erfaring i sosiale ferdigheitar, som igjen kan skape ein positiv og god sosial utvikling. Det er ein klar felles oppfatning blant intervjukandidatane at risikoleik er gunstig for den fysiske og psykiske utviklinga til barna.

Me tenkjer det er viktig det PM1 seier om å ”pushe” barna til å oppnå nye ting. Vidare forklare han at dette er nødvendig for at barna skal oppnå meistringskjensla og få følelsen av at ein ikkje alltid strekker til, men med øving kan ein oppnå det. PM1 har etter vårt syn eit rimeleg avslappa forhold til konsekvensane ved risikofylt leik, og sett mestring og barns læring i fokus. Dette kan samsvare med Sandseter (2010) sine utspele, der ho seier at visst barna blir beskytta mot risikofylte situasjonar, så vert den viktig lærdommen og utviklinga frårøva barna. Han nemner også sin bevisstgjøring i forhold til korleis han vel å jobbe med barna i risikofylte situasjonar, for at de skal oppnå kjensle av å lykkast. I rammeplanen for

barnehagar står det at personalet må oppmuntra og inspirera barn til å søke fysiske utfordringar og bruke kroppen sin (Kunnskapsdepartementet, 2011). Det kan sjå ut som at PM1 legg føringar for kroppsleg leik i sitt pedagogiske arbeid, ut i frå korleis han ordlegg seg i intervjuet. PM1 er også opptatt av at grada av vanskar i barns risikoleik, må gå gradvis i rett retning. Dette kan tyde på at den mannlege pedagogen er målretta i forhold til barns fysiske psykiske utvikling gjennom risikofylt leik.

I følgje høgskulektor Negaard (u.å) er klatring i trer ein aktivitet som er svært sentral for barn i høve utviklinga deira knytt til risikoleik. PK1 har nokså likt syn som Negaard (u.å) då ho ser på klatring i trer som ein aktivitet der barna blir sterkare og tryggare på seg sjølv, grunna de må bevege heile kroppen. Det at PK1 eksemplifiserar med ein situasjon som kan vera svært aktuell for risikoleikens kategori, kan tyde på at ho har erfaringsbasert kunnskap om risikofylte moment som kan påverke barns fysiske og psykiske utvikling. Ein av de seks kategoriane som Sandseter (2010) kategoriserer innanfor området risikoleik, er nemleg leik med stor høgde. Ho er veldig konkret i forklaringa av korleis eit barn kan oppnå kroppsleg meistring av å klatre i trer, og gir oss på denne måten ein innføring i både den fysiske og psykiske gevinsten barna får av leik som inneheld ulike formar for risiko: ho trekkjer fram at barna må bruke heile kroppen for å utføre rørsleoppgåva, samt de oppnår meistringskjensla for kvar gong de kjem seg høgare opp i treet.

I følgje St.meld. nr. 41(Regjeringen, 2009) skal barnehagar ta alle barns behov for læring og utvikling på alvor. I samtalene med PK2 kjem det fram at ho legg vekt på at "*barna må erfara for å læra*". Ho nemner også at barna må kjenne på følelsen av smerte, for at dei skal kunne tilegne seg betre erfaring og kunnskap om korleis rørsleoppgåve kan løysast på ein meir hensiktsmessig måte. I høve denne pedagogiske leiaren sin forklaring, er det tydleg at barna må ta del i risikofylte situasjoner for å få nødvendig lærdom og erfaring, som igjen kan vera ein byggjestein i barns heilskaplege utvikling. Sandseter (2010) belyser at risikoleik har ein stor nytteverdi når det kjem til barns utvikling, då motoriske, intellektuelle og sosiale ferdigheitar kan bli styrka og stimulert. PK2 sine tankar kring barns nærvær i risikoleiken kan støttast opp mot Dewey (2009) sin teori om "learning by doing". Han hadde lite til overs for fagkunnskap, og såg heller på sjølve aktiviteten som eit sentralt moment i læringsprosessen.

Ein av de pedagogiske leiarane i barnehagen, omtalt som PK3 kjem med eit viktig bodskap ved barns risikoleik: "*Du vågar ingenting viss du heile tida blir fortalt at ting er farleg*".

Boyesen (2010) trekk fram i sin doktoravhandling at barn må få utfolda seg i farlege og risikofylte situasjonar, for å erfare og tileigna seg kunnskap om korleis dei skal handtere det. Dagens samfunn har behov for barnehagar som vågar å gå litt utover dei trygge rammene i barns leik, dette kan me sjå i høve Breivik (2001) sin drøfting om forsiktigging rundt barn. Dette speglar igjen i PK3 sitt utsegn, der det kan tyde på at barns utvikling ved deltaking i risikofylt leik kan stagnere visst dei vaksne gir uttrykk for at alt er farleg.

Både PK3 og DK1 er veldig samstemte når det kjem til at barn har ulik fysikk og eigne avgrensingar for kva de våger å utsette seg for. DK1 gir oss ein kontrast som forklarar ulikheitar blant barn i barnehagen: ”*Nokre barn må avgrensast, medan nokre må motiverast og oppmodast*”. Dette kan tyde på at barna vert behandla ut i frå modningsnivå og stadiet i utviklinga deira. Det me biter oss merke i ved svaret til DK1, er at ho påpeiker at nokre barn må avgrensast. Det er nokså uklart for oss kva DK1 legg i dette utsegne, men me tenkjer at det kan rettast mot eit sikkerheitsperspektiv, der ho ser at enkelte barn kan påføre seg alvorleg skade visst de får styre risikoleiken ut i frå sine eigne grenser.

### **3.6 Barns moglegheit for risikoleik på inne – og uteområdet til barnehagen**

Under dette punkt vil me trekke fram intervjuobjekta sine tankar kring barns moglegheit for risikoleik både inne og ute i barnehagen. Her vil me sjå kvar dei ser på som avgrensande område, samt nokre av pedagogane sine ulikheitar kring tema.

Både PM1 og PK1 ser det er mogleheter for risikoleik på barnehagens inne og uteområdet, men ikkje nok. I forhold til inne området forklarer PK1 at ho at barna bruker leikesverd til å ”slost”, men at det ikkje vil føre med seg store konsekvensar. Ho ser også på sikringa av inne området som så stort at det så og sei umogleg kan føre med seg nokre skader på barn.

PK2 uttrykk at det alltid er mogleheter for risikoleik, både på inne – og uteområde. Men ho framheve skogsområdet til barnehagen som meir avgrensande, særleg for de yngre barna.

PK3 ser på uteområde som ein moglegheit for barns risikoleik, der det er litt ulendt terreng, rom for å klatre og fysisk utfolding. Ho seier også at det er rom for risikoleik for de minste på inne området.

DK1 er samde med de andre kandidatane om at det er moglegheit for risikoleik på uteområdet i barnehagen. Vidare seier ho at barna klatrar mykje i trea og leikar med pinnar, noko som kan vera ein risiko. Eg vil også leggje til at ved turar utanfor barnehagen, så er barna på eit området som ikkje er kunstig tilrettelagt, difor gjeld ikkje same reglar og lovar der slik som på barnehagen sitt område.

Boyesen (2010) forklarer subjektiv risiko som det ein opplever og den risikoen ein kjenner på. Dette omtalar ho som den vurderinga barna gjer seg i hendingane som oppstår i leiken. Utfordrande leikmiljø er ein sentral faktor for at barn skal kunne ta eigne avgjersle i ulike situasjonar som inneheld risikomoment. Det kan tyde på at barnehagens uteområdet ikkje er nok tilfredsstillande og tilrettelagt for barns risikoleik, ut i frå de signaler PM1 og PK1 gir oss i intervjuet. Dette motstride i forhold til PK3 sitt syn på barnehagens moglegheit for risikoleik på uteområdet, der ho peiker på ulendt terren, rom for klatring og fysisk utfolding blant barn. DK1 delar same syn som PK3 og eksemplifiserer også med barn som klatrar i trer og leikar med pinnar. Det er tydleg at fleire av intervjuobjekta har ulike holdningar og erfaringar knytt til risikovurdering. I forskriftene om sikkerheit ved leikeplassen (1996) vert det stilt ulike krav som skal overhaldast i barnehagen. Formålet med forskriftene er å hindre ulykker på leikeplassar, og at det ikkje oppstår unødvendig fare ved riktig bruk. Våre syn og tankar vert mindre pålitelege ettersom PM1 og PK1 er veldig korte og upresise i sine svar angåande risikoleikens mogleheter på uteområdet til barnehagen. Men det kan tenkast at PM1 og PK1 tenker at omsynet og krava som blir stilt til uteområdet til barnehagen, øydelegg noko av den gode risikoleiken som de til dømes kan oppleve på tur utanfor barnehagen sitt området. DK1 tar nemleg opp det at barnehagen er kunstig tilrettelagt, og har difor lovar og reglar ein er nøydt til å forholda seg til når ein er innafor barnehagens portar.

Innspelet PK2 kjem med i forhold til dette temaet er veldig motstridande i forhold til kva alle de andre intervjukandidatane har forklart. Ho tenkjer nemleg at skogen på uteområdet til barnehagen, avgrensar spesielt for de yngre barna. Dette spørsmålet gjentok intervjuaren fleire gongar, samt spurde om ho var innforstått med tydinga av spørsmålet. Difor kan me ikkje rekna dette svaret som ei feilkjelde, då ho fleire gongar presiserte sitt synspunkt rundt dette. Dette kan tyde på at PK2 ikkje jobbar så aktivt med risikoleiken blant de yngre barna på uteområdet til barnehagen, og har difor ikkje opparbeida seg den erfaringa og kunnskapen som ligg i høve risikomeistring i tidleg alder. Sandseter (2010) peiker på at det er viktig at barn får kjenne på frykt og usikre moment tidlig i livet, slik at de kan vere førebudd til

eventuell utfordring knytt til fare og redsel seinare i livet. Me tenkjer at skogsområdet til barnehagen vil vera eit godt utgangspunkt for de yngre barna til å møte ukjente og litt faretruande moment. Steinar og røtte til dømes kan medføre ubalanse og kjensle av frykt for de minste barna, og vil difor vera ein god introduksjon til å bli kjent med risikoleiken for de yngre barna, i følgje vår syn.

Flinn & Ward (2005) har gjennom forsking funne ut at dei viktigaste utviklingsmessige funksjonane med å utøve leik som inneholder kamp, er at barnet tileigner seg sosial kompetanse. PK1 trekker også fram at barna utøvar kamp i den forstand at dei brukar leikesverd til å «sloss» med. PK1 får fram i sitt svar at ho sjølv ikkje ser på dette som ein særslig risikoleik, då ho belyser ufarlegheita ved å seie: *det vil ikkje føre til så store konsekvensar. Ein blåveis kanskje.* Her tenker me at PK1 har ein vid kompetanse innan fagområdet, då ho ser positiviteten kring «kampens» betydning for barnets utvikling.

Barnehagen som verksemد må følgje Forskrift for miljøretta helsevern i barnehagar og skular (Regjeringen, 1996), der personalet og barnas helse står i fokus. Forskrifta sett blant anna lys på innemiljøet i barnehagen, samt viktigheten for reglementet. I intervjuet med intervjuobjekta var det berre PK1 som trekker fram barnehagen sitt innemiljø, i den forstand at ho meiner innemiljøet er så sikkert at det nesten er umogleg med skade på barn. Her tenker me at pedagogen har ei tydleg forståing av viktigheten ved barnehagens uteområde, samt den sin nytte verdi. Ho eksemplifiserer at innemiljøet har færre mogleheter for risikoleik, men at dei likevel er tilstade i ein liten grad.

### 3.7 Barns deltaking i risikoleikens kategoriar

I dette temaet spurde me intervukandidatane om de seks forskjellige kategoriene av risikoleik. Me tenkjer det er viktig at personalet i barnehagen har kjennskap til risikoleikens Sandseter (2010) kategoriserar risikoleik inn i seks forskjellige kategoriar ut i frå korleis leiken vert definert. Det er tydleg at alle intervukandidatane har erfaring med at barna delta aktivt under ein eller fleire av desse kategoriene i barnehagen. Ein ser også at alder og modningsnivå spelar ein rolle for kva type risikoleik barna deltek i.

PM1 som har den eldste avdelinga i barnehagen forklarar at leik ved sjø, stor fart og høgde er veldig populært blant hans barn, medan PK2 som har de minste barna ser at klatring på bord

er veldig tiltrekkande for den yngste gruppa. PK2 presiserar også at borda er for høge for barna å klatre på. PK2 sender litt motstridande signal med dette utspelet i forhold til kva ho har sagt tidligare i samtalen, der ho har ført ann at risikoleik kan medføre skade og at barna er nøydt til å erfara for å læra. Bordet PK2 fortel om er tilpassa de minste barna, og vil etter vårt syn vera eit godt grunnlag for de til å bli introdusert for risikoleiken. Sandseter (2010) påpeiker at barn som utøve risikofylt leik, vil kunne tilegne seg god sosial utvikling og få verdifull erfaring i sosiale ferdigheitar. Me tenkjer at PK2 burde ivareta de minste barnas moglegheit for utforsking av risikofylt leik, når dei til dømes brukar bordet som objekt for risiko. Ut i frå vårt synspunkt så ser me at PK2 moglegvis tenkjer HMS og ivaretaking av barna, framfor barns risikoleik, som igjen kan vera ein gevinst for barns utvikling. Boyesen (1997) meinar at barna må få ta del i risikofylte situasjonar for at barna skal lære å meistre og takle risikoar, men at dette kan vera vanskeleg for de vaksne som har ansvar for barna å oppfylle, og på denne måten beskyttar de barna mot risikofylt leik. Dette kan samsvare med det PK2 forklarer i forhold til barn som står på leikebordet. Me tenkjer at PK2 moglegvis er bekymra for konsekvensen og skaden barna kan pådra seg visst de eventuelt skulle falle, tross liten fallhøgde.

Kvalnes (2009) ser viktigheita av å opparbeida seg meir kunnskap og bevisstheit kring barnets behov for risiko, då det gir ein gir ein positiv effekt på å styrke barnets erfaring og utvikling som individ. PM1 belyser eit viktig moment kring dette: ”Det er viktig å sjå moglegheiter i staden for avgrensingar, det å ta barna på alvor å la de få utfordringar”. Ut i frå vårt perspektiv er denne mannlege pedagogen veldig bevisst på korleis han vel å opptre når barna er i risikofylte situasjonar. Han sett barna i sentrum og speglar positive holdningar for barns deltaking i risikofylt leik . PM1 vil mest sannsynleg ha god kunnskap og erfaring rundt utøving av risikoleik i barnegruppa, sida han påpeiker at det er mykje aktivitet fordelt på de seks kategoriene av risikoleik blant de eldste barna i barnehagen. Dette er igjen med å utforme PM1 som ein intervjuandidat som har fagleg og praktisk forståing for kvifor risikoleiken bør ha ein plass i dagens barnehagar.

Breivik (2001) tar opp diskusjonen av forsiktigginga rundt barn i dagens samfunn. Han peikar på forsiktigginga som ein negativ faktor for barns sjølvstendige leik med faremoment som innhald. Dette kan bidra til at enkelte av personalet i barnehagar føler stort ansvar og avgrensar meir for barna enn å sjå etter moglegheiter, grunna kva utfallet kan bli visst ei ulykke skulle oppstå. Ut i frå vårt ståstad går PM1 litt bort i frå dette, og avgjer at

risikoleiken skal ha ein sentral plass i hans barnegruppe sjølv om ulykker og skade kan inntraffe.

DK1 er også einige med fleire av pedagogane der ho ser at fleire av risikoleikens kategoriar utspelar seg i barnehagen. Forskjellen på DK1 og de andre intervjukandidatas svar på dette spørsmålet er fokuset på sikkerheita rundt barns deltaking i risikoleik. Ho er veldig bevisst på at risikoleiken er eit viktig moment i barns leik, men at det skal vera innafor visse rammer der personalet i barnehagen har kontroll. Barnehagen har fleire lovverk som de må praktisera og infiltrera i den pedagogiske verksemda. Barnehagelova (2008) har retningsliner som omfattar blant anna for at barna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskatrang, samt utvikle grunnleggande kunnskap og ferdigheitar. Regjeringa (2006) har samansatt fleire lovverk som barnehagar er pliktig til å følgje for å unngå skade på materiell, utstyr eller personar. Ut i frå DK1 sine synspunkt, tolkar me det slik at ho er veldig bevisstgjort rundt HMS i barnehagen, men ho ser også nytteverdien av at barna får delta i risikoleiken kategoriar, og opparbeidar difor visse rammer som personalet må følgje i risikofylte situasjonar med barn.

## 4.0 Avslutning og konklusjon

I forskingsarbeidet vårt har me jobba ut i frå problemstillinga: Er det slik at barnehagens arbeid med helse, miljø og sikkerheit avgrensar barns moglegheit for deltaking og fysisk utfolding i risikoleik?

I bacheloroppgåva har me gjennomført kvalitativt intervju av fire pedagogiske leiarar, samt dagleg leiar av same barnehage. Bakgrunn for valet av intervjuobjekt, vart gjort med tanke på at alle er utdanna førskulelærarar og har difor mest sannsynleg meir fagleg kompetanse rundt dette temaet enn anna personale utan denne utdanninga i barnehagen.

Då me formulerte problemstillinga ville me ha eit tema som er svært aktuelt i dagens samfunn, samt interessant og viktig tema i barnehagar. Artiklar som me har nytta i oppgåva, gir nemleg ein bodskap om at arbeid med HMS er i ferd med å ”overkjøre” barns moglegheit for risikoleik. Me ønska å finne ut om praktisering av HMS i barnehagen har ein avgrensing for barns deltaking i risikoleik. Me har også tatt utgangspunkt i barnehagen sin årsplan, som får fram deira visjon i høve vektlegging barns sjølvstendiggjering gjennom leik, sosial læring og gode naturopplevingar. Gjennom vår forsking har me sett at alle desse momenta frå barnehagens årsplan, vert stimulert gjennom barns utfolding og deltaking i risikoleik. Teorien me har nytta er relevant fagstoff knytt opp til problemstillinga vår. Her belyser me viktigheita av barnas behov for risikoleik, samt barnehagens krav til praktisering av helse, miljø og sikkerheit. Me trekk fram tidlegare forsking som er med på å støtte opp under presentasjon og drøfting av resultata i oppgåva vår.

Med bakgrunn for vårt teori grunnlag og intervju av barnehagepersonalet kan me konkludere med at barnehagens arbeid med helse, miljø og sikkerheit sett til dels ein dempar på barns moglegheit for deltaking og fysisk utfolding i risikoleik. I dette legg me at barnehagen har pålagte forskrifter som de er nøydt til å intrigerer i det pedagogiske arbeidet sitt. Me ser også at intervjuobjekta sine erfaringar, holdningar og kunnskap er sentrale faktorar som spelar ei viktig rolle i barnehagens arbeid med helse, miljø og sikkerheit knytt til barns moglegheit for deltaking og fysisk utfolding i risikoleik.

## Litteraturliste

Aktivhms. (u.å.). *Innemiljø – barnehage*. Henta 20. mai 2014 frå <http://aktivhms.no/barnehager/InnemiljoBarnehage.htm>

Arbeidstilsynet. (u.å.). *Risikovurdering*. Henta 11.mai 2014 frå <http://www.arbeidstilsynet.no/fakta.html?tid=20731>

Barnehageloven. (2008). *Lov om barnehager (barnehageloven) av 19. desember 2008 nr. 1.* Henta 21. januar 2014 frå [http://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64?q=barnehageloven\\*](http://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64?q=barnehageloven*)

Barnehageloven. (2010). *Lov om barnehager (barnehageloven) av 18.juni 2010 nr. 2.* Henta 12. mai 2014 frå <http://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>

Breivik, G. (2001). Sug i magen og livskvalitet. Oslo: Tiden norsk forlag A/S

Forskning.no. (u.å.). *Barna har godt av risikolek*. Henta 27. januar 2014 frå <http://www.forskning.no/artikler/2013/juni/360469>

Friluftsrådenes Landsforbund. (2010). *Sikkerhetsvurdering i Læring i friluft*. Henta 10. mai 2014 frå <http://www.friluftsrad.no/1743.Sikkerhetsvurderinger-i-Laring-i-friluft.html>

Grinnhaug, A.G. (2010, 25. januar). *Gjennomføre - risikoanalyse - oppdatere aktivitetsplan*. Henta frå [http://www.hil.no/hil/HMSsystem/enhetenes\\_aktiviteter/gjennomfoere\\_risikoanalyse\\_oppdate\\_re\\_aktivitetsplan](http://www.hil.no/hil/HMSsystem/enhetenes_aktiviteter/gjennomfoere_risikoanalyse_oppdate_re_aktivitetsplan)

Imsen, G. (2009). *Lærerens verden: Innføring i generell didaktikk*. Oslo: Universitetsforlaget

Kunnskapsdepartementet. (2011). *Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver* (rev. utg.). Hentet frå [http://www.regjeringen.no/upload/KD/Vedlegg/Barnehager/Rammeplan\\_2011/KD\\_bokmal\\_Rammeplan\\_2011\\_web.pdf](http://www.regjeringen.no/upload/KD/Vedlegg/Barnehager/Rammeplan_2011/KD_bokmal_Rammeplan_2011_web.pdf)

Kvale, S. & Brinkmann, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Kvalnes, Ø. (2009, 12. januar). *Slipp bomullsbarne fri!* Henta frå  
<http://www.aftenposten.no/meninger/kronikker/article2859907.ece#.U3KK7yjwnyo>

Kvello, Ø. (2013). Barnas barnehage 2: *Barn i utvikling*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Langset, G. K. (28. januar 2013). *Barn trenger risikolek*. Henta frå  
<http://www.aftenposten.no/familie-og-oppvekst--Barn-trenger-risikolek--7242895.html#.UuZbfRDsTIU>

Hive (u.å). *Learning by doing*. Henta 14. mai 2014 frå  
<http://pluto.hive.no/pluto2003/torlud/ped/learning.htm>

Løkken, G. & Søbstad, F. (2011). *Observasjon og intervju i barnehagen*. Oslo:  
Universitetsforlaget.

Regjeringen. (1977). *Lov om kontroll med produkt og forbrukstjenester*. Henta 13. mai 2014  
frå <http://lovdata.no/dokument/NL/lov/1976-06-11-79>

Regjeringen (1996). *Forskrift om miljørettet helsevern i barnehage og skole m.v.* Henta 13.  
mai 2014 frå <http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

Regjeringen (1999). *Forskrift om sikkerhet ved lekeplassutstyr*. Henta 24. februar 2014 frå  
[http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1996-07-19-703#KAPITTEL\\_8](http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1996-07-19-703#KAPITTEL_8)

Regjeringen. (1999). *Forskrift om sikkerhet ved lekeplassutstyr*. Henta 13. mai 2014 frå  
<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1996-07-19-703>

Regjeringen. (2006). *Arbeidsmiljøloven*. Henta 13. mai 2014 frå  
<http://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-62>

Regjeringen (2009). *St.meld.nr.41*. Henta 24. februar 2014 frå  
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/regpubl/stmeld/2008-2009/stmeld-nr-41-2008-2009-.html?id=563868>

Sandseter, E. B. H., Hagen, T. L. & Moser, T. (Red.). (2013). *Kroppslighet i barnehagen*.  
Oslo: Gyldendal.

Snl. (2007). *John Dewey*. Henta 14. mai 2014 frå [http://snl.no/John\\_Dewey](http://snl.no/John_Dewey)

## Vedlegg I

Intervju med mannlig pedagogisk leiar, heretter kalla PM1. I = intervjuar

### I: Kva forbinder du med ordet risikoleik?

PM1: Då er det ein viss fare for at de kan skade seg litt. Der de prøver ut grensene hos seg sjølv.

### I: Kva tankar har du om HMS knytt til risikoleik i barnehagen?

PM1: Me har også vernerundar for å kontrollere at uteområdet ikkje har nokre fare moment for barna sin del i forhold til deira aktivitet og leik på uteområdet. Så på denne måten så setter me jo opp tiltak mot situasjonar som kan innehalda ein viss risiko for barn.

### I: Er det nokre element som du meina fremjar eller avgrensar barns moglegheit for deltaking og fysisk utfolding i leik generelt?

PM1: Turane fremjar det, og barnehagen avgrensar det. Det vert fremja utanfor portane og hemma innanfor portane. Også ser me jo også at bare innhaldet i leiken blir ein heilt anna når me er på tur i skogen enn på området til barnehagen. På området til barnehagen går de fort lei og barna spring meir og irriterer seg og det oppstår vanskelege situasjonar. Dei finne meir roen i skogen.

### I: Kor går grensene i forhold til barns risikoleik i barnehagen? Har du eit syn på kor grensene bør gå?

PM1: Det er veldig individuelt. Det kjem heilt ann på kor forsiktig du er.

### I: Ser du på barns risikoleik som eit viktig moment for den fysiske og psykiske utviklinga deira?

PM1: JA JA JA! Må heile tida ”pushe” dei til å prøve nye ting, så får de mestringkjensle og ei kjensle av at ”no klarte eg det ikkje, men med litt øving så klarar eg det”. Grada av vanskar må og gå sakte men sikkert i rett retning, slik at de heile tida får utfordra seg.

## **I: Kva områder i barnehagen avgrensar barna mest knytt til HMS og risikoleik?**

PM1: I forhold til barnehagen sitt området vil eg sei det er inne. Ute får de henge i toppen av de trea de klarar å klatre opp i. Spesielt for eg som ha den eldste avdelinga, med større barn er det absolutt inneområdet til barnehagen som er mest avgrensa. I forhold til HMS reglar ute på barnehagens området er det de avgrensingane at me ikkje får lovt til å ha utstyr (som tau) hengande opp. Så det er sjølv sagt ein del HMS forpliktingar som avgrensar barns moglegheit for risikoleik også der. Det er for stor risiko å ha klatretau ute, difor må me ta det ned direkte etter bruk. Det går som sagt tid å knytte det opp, difor er det få frå personalet som makter å henge dette opp. Difor er det greitt å ha gode turområder i nærleiken, der me har knyta opp mykje tau som heng der heile tida.

### **1: Synst du det er moglegheiter for risikoleik på uteområdet/inneområdet til barnehagen?**

PM1: Det er jo moglegheiter, men ikkje nok. Mogleheitene er der.

**I: Det er seks forskjellige kategoriar for risikoleik. Disse er: lek med stor høgde, lek med stor fart, lek med farlige reiskaper, lek nær farlige element, lek som inneberer kamp, og lek der barn kan gå seg bort.**

**Er barna oppsökande etter risikoleik i barnehagen? Eventuelt kva type risikoleik (i forhold til kategoriane som er nemnt).**

PM1: På min avdeling med de eldste barna er barna oppsökande etter leik med farleg reiskap. Dei likar for eksempel veldig godt å bruka kniv til å spikka pinnar. Leik med stor fart og høgde. Likar seg også ved sjøen, noko som kan komme under kategorien leik nær farlige element i forhold til risikoleiken. Me har barna utpå brygga og berg, men det er jo med redningsvest, for våras eigen tryggleik og barna.

Til slutt vil eg tilføra at det er viktig å sjå moglegheiter i staden for avgrensingar – ta barna på alvor og la de få utfordring.

## Vedlegg II

Intervju med kvinnelig pedagogisk leiar, heretter kalla PK1. I= intervjuar

### I: Kva forbinder du med ordet risikoleik?

PK1: Det forbinder eg med leik der barna faktisk kan skada seg. Enten med at leiken utartar seg eller ved at den har risikofaktorar i seg allereie i frå byrjinga av.

### I: Kva tankar har du om HMS knytt til risikoleik i barnehagen?

PK1: Me har så mykje reglar og forskrifter eigentleg for at alt skal vera sikkert, men så tenkjer eg og at av og til må ein kunna driva med risikoleik i barnehagen og la barna få utfordra seg sjølv og la barna få prøva. Men me har ein regel som me alle følg blant personalet, og det gjeld i forhold til leikehytta. Det er veldig stort for barna å klatre på den hytta, noko som kan vera ein del av den risikofylte leiken, kanskje dei detter ned, kanskje dei ikkje detter ned.

### I: Kor går grensene i forhold til barns risikoleik i barnehagen? Har du eit syn på kor grensene bør gå?

PK1: Eg tenkjer jo litt dette her med grensene, grensene i forhold til barns risikoleik. Eg tenkjer jo at me har jo eigentleg ikkje så mange nedskrivne grenser. Men eg tenkjer jo og at de grensene ein må ha og der grensa bør gå er jo visst ein ser at dette kan gå skikkelig gale. Korleis me har komet fram til grensene er når me ser at det kan gå gale, eller visst det har skjedd noko tidlegare, slik at grensene har blitt satt utifrå det.

### I: Er det nokre element som du meina fremjar eller avgrensar barns moglegheit for deltaking og fysisk utfolding i leik generelt?

PK1: Element som fremja barns muligkeit for deltaking og fysisk utfoldring i leik generelt, då tenkjer eg at me må gå på turar, ha tilrettelagt fysiske miljø og aktive vaksne. Eg ser at de faste rutinane i barnehagen kan vera ein avgrensing, samt passive vaksne.

**I: Kor går grensene i forhold til barns risikoleik i barnehagen? Har du eit syn på kor grensene bør gå?**

PK1: Eg tenkjer jo litt dette her med grensene, grensene i forhold til barns risikoleik. Eg tenkjer jo at me har jo eigentleg ikkje så mange nedskrivne grenser. Men eg tenkjer jo og at de grensene ein må ha og der grensa bør gå er jo visst ein ser at dette kan gå skikkelig gale. Korleis me har komet fram til grensene er når me ser at det kan gå gale, eller visst det har skjedd noko tidlegare, slik at grensene har blitt satt utifrå det.

**I: Ser du på barns risikoleik som eit viktig moment for den fysiske og psykiske utviklinga deira?**

PK1: Ja, heilt klart at risikoleik er viktig for den fysiske utviklinga til barna. Eg tenkjer jo at i forhold til å klatre i tre, så får barna bruke så mykje av seg sjølv, de må bevega kroppen, dei får bruke armane og beina, det er jo klart at då blir de jo sterkare og tryggare på seg sjølv. Dette her med å for eksempel smi med kniv så får de nytta finmotorikken og øvd den opp, halda grepet for å kunna klara å smi.

I forhold til den psykiske delen så er jo risikoleiken veldig aktuell når det gjelder mestring følelse hos barna. Det at dei kan meistra å smi, meistra å klatre opp i treet. Kanskje dei klare ei grein ein gong, og to greiner neste gong, at dei kjem seg høgare og høgare opp.

**I: Kva områder i barnehagen avgrensar barna mest knytt til HMS og risikoleik?**

PK1: Nei, det der har eg ikkje tenkt over. Eg kjem ikkje på nokre spesifikke områder som avgrensar. Eg føler eigentleg ikkje barna har nokre avgrensingar på ein måte. Eg føler barna får prøve seg ut der dei vil. Det er jo slik at det er så strenge reglar i frå før med HMS og barnehagar og alt, at det er jo lite farlige ting for barna. Det er kontrollører inne å sjekkar leikeapparat og alt skal vera i orden og tipp topp, så eg synst eigentleg ikkje barna får nokre avgrensingar av sjølve barnehagen. Dei får klatra i trer, dei får bruke hammar og snikkerbua ute, samt ta seg ut og gjera ting. Me legger ikkje ned nokre avgrensingar, i alle fall ikkje i forhold til meg sjølv, eg legger ikkje avgrensingar.

**I: Synest du det er moglegheiter for risikoleik på uteområdet/inneområdet til barnehagen?**

PK1: Ja, det er moglegheiter. Eg tenkjer inneområdet og risikoleik, det er så sikkert herinne at eg kjem ikkje på noko risiko i forhold til det området. I forhold til risikoleik så tenkjer eg risiko der dei kan skada seg. Barna har jo leike sverd dei ”slost” med, men eg vil ikkje sei at konsekvensane blir så store visst det skjer noko i forhold til det. Ein blåveis kanskje.

**I: Det er seks forskjellige kategoriar for risikoleik. Disse er: lek med stor høgde, lek med stor fart, lek med farlige reiskaper, lek nær farlige element, lek som inneberer kamp, og lek der barn kan gå seg bort.**

**Er barna oppsökande etter risikoleik i barnehagen? Eventuelt kva type risikoleik (i forhold til kategoriane som er nemnt).**

PK1: Ja, det er dei. Og inne hos meg så ser i alle fall dette her med leik som inneberer kamp. Det er jo så kjekt å lage desse sverda av klossar, det er jo leik som barna oppsøk.

### Vedlegg III

Intervju med kvinnelig pedagogisk leiar, heretter kalla PK2. I= intervjuar

**I: Kva forbinder du med ordet risikoleik?**

PK2: Leik som inneberer ein viss risiko for skade og der barna får teste grensene sine

**I: Kva tankar har du om HMS knytt til risikoleik i barnehagen?**

PK2: Eg tenkjer at me har ulike reglar å følgje. Viss det er fallgruver vert desse erstatta med reglar som ein må følgje. HMS kan hindre barna i å klatre i tre til dømes og øydeleggja god leik. Kan hindre barna i å få gode erfaringar.

**I: Er det nokre element som du meinar fremjar eller avgrensar barns moglegheit for deltaking og fysisk utfolding i leik generelt?**

PK2: Det å vera ute på tur er med på å fremja. Her får barna gode mogleheter for grovmotorisk trening. Aktive vaksne, gir også meir aktive barn. Det at me vaksne også er kreative i saman med barna er med på å fremja barns mogleheter for deltaking og fysisk utfolding i leik generelt.

Vaksne sine innspel er med på å avgrensa, det at me vaksne forstyrrar leiken eller at barna ikkje får ta det heilt ut slik de ynskjer. Klede kan også vera med å avgrensa for barna i forhold til uteleik.. Det me ikkje for lov til i barnehagen, kan me som regel gjera på tur. Så det som avgrensar barna der, har me moglegheit til å utføre då.

**I: Kor går grensene i forhold til barns risikoleik i barnehagen? Har du eit syn på kor grensene bør gå?**

PK2: Går i forhold til kva me har lovt til – sett frå eit HMS perspektiv. Her kjem også sunn fornuft inn. Barna må kjenne på følelsane sine, sjølv om det kan vera skummelt. Slik finn det ut om dei kan meistre det eller om dei vil vente litt til med å prøve det ut. Frå oss vaksne må me bruke sunn fornuft, og la barna prøve ut det som ikkje kan gå på liv og helse.

**I: Ser du på barns risikoleik som eit viktig moment for den fysiske og psykiske utviklinga deira?**

PK2: Ja, det er veldig viktig. Barn er nøydt til å erfara for å læra. Dei må meistre. Barna må kjenne at det gjere vondt, for å kunne løyse bevegingsoppgåva på ein anna måte etter kvart.

**I: Kva områder i barnehagen avgrensar barna mest knytt til HMS og risikoleik?**

PK2: Ute, skogsområdet til barnehagen avgrensar mest, spesielt for de minste barna.

**I: Synest du det er mogleheter for risikoleik på uteområdet/inneområdet til barnehagen?**

PK2: Det er alltid mogleheter for risikoleik. Både inne og ute. Men ute vill eg sei risikoleiken er meir aktuell. Her syklar barna i stor fart, og dei har fleire gongar sykla på kvarandre. Trea i barnehagen har også ein risiko i form av at barna kan dette ned.

**I: Det er seks forskjellige kategoriar for risikolek. Disse er: lek med stor høyde, lek med stor fart, lek med farlige redskaper, lek nær farlige elementer, lek som innebærer kamp, og lek der barn kan gå seg bort.**

**Er barna oppsøkande etter risikoleik i barnehagen? Eventuelt kva type risikoleik (i forhold til kategoriane som er nemnt).**

PK2: Dei minste likar å klatre på borda, noko som er høgt for dei. Difor ynskjer eg ikkje at dei skal gjere det. Dei eldre barna klatrar i trer og på hyttetaket. Barna leikar også med steinar og pinnar, samt dei leike slost.

## Vedlegg IV

Intervju med kvinnelig pedagogisk leiar, heretter kalla PK3. I= intervjuar

**I: Kva forbinder du med ordet risikoleik?**

PK3: Då tenkjer eg at ungane får lovt til å testa grensene litt på eit vis, det at dei får lovt til å klatra i eit tre og kanskje høgare enn me vaksne i utgangspunktet på eit vis føler oss komfortable med. Litt i våras (de vaksne) og litt i si grensa (barnet). Eller det der å klatre opp og hoppe ned for desse minste, det at dei får lovt til å testa grensene sine. Og av og til så detter dei gjerna å slår seg litt, men samtidig så finne de sine avgrensingar. Eg tenkje da der at da kan vera risiko i det, men at dei får prøva seg.

**I: Kva tankar har du om HMS knytt til risikoleik i barnehagen?**

I forhold til risikoleik så legg ein til rette slik at det kan vera så sikkert som mogleg for barna. Men det er jo klart at me skal ikkje ha vekk alle trea for at det er ein fare for at dei skal klatra, men det er viktig at me kontrollerer underlaget slik at det ikkje ligg noko der som kan skade barna. Handlar om at me vaksne må bruke sunn fornuft, men samstundes la barna få utfolde seg i risikofylte situasjonar og i leik.

**I: Er det nokre element som du meiner fremjar eller avgrensar barns moglegheit for deltaking og fysisk utfolding i leik generelt?**

PK3: For barna er det ein del sikkerheitsreglar som avgrensar dei litt. Viss eg tenkjer inne i barnehagen og leik, så av og til så leikar dei, og det er eit lydnivå som er langt over hovudet på oss. Og dette er ikkje mogleg inne med 14 barn inni eit lite rom, noko som medføre at det lett blir knall og fall og smelling med andre barn, så det kan me ikkje ha noko av. At me vaksne gir barna opplevingar, kanskje ting dei ikkje gjere sjølv, slik at barna ser at det er mogleg, er viktig for å fremja.

**I: Kor går grensene i forhold til barns risikoleik i barnehagen? Har du eit syn på kor grensene bør gå?**

PK3: Når det verkeleg er fare for at barna kan skada seg så vil eg jo sei mi grense nærmar seg. Grensene går visst det blir helseskadeleg. Grensene våre går jo både på erfaring og korleis me er som person, kva me våga. Så tenkjer eg også litt at nokre gongar så er det jo situasjonar med barn der ein får intuisjonar om i byrjinga at ”wow, detta må eg stoppa, detta kan gå galt”. Men så handlar det jo om at me vaksne må ha litt is i magen og puste ut og bare sjå på barnet i situasjonen, for det er ikkje sikkert dette går gale i heile tatt. Alt kan jo vera farleg visst ein skal tenkje at det er det. Nokre må vera litt nybrots folk, og la barna få teste grenser og utfolde seg tross ein vis risiko.

**I: Ser du på barns risikoleik som eit viktig moment for den fysiske og psykiske utviklinga deira?**

PK3: Du vågar ingenting visst du heile tida blir fortalt at ting er farleg. Men viss ein blir utfordra litt på at ein kan/må prøve, så tenkjer eg at det er viktig for barna for å oppnå meistring i risikoleik. Barna må få prøva, og gå på nasa litt, og finne ut om dette er noko for meg eller ikkje. Eg tenkjer jo også at me er fysiske forskjellige, nokre har god balanse og nokre dårlegare. Dette kan ikkje barna vete visst de ikkje får lovt til å prøve det ut. Enten om dei blir hjelpt litt fram i utprøvelsen.

**I: Kva områder i barnehagen avgrensar barna mest knytt til HMS og risikoleik?**

PK3: Kanskje på eit vis inne. For ute har me meir tilrettelagt for ting dei får lovt til som for eksempel lyd og fysisk utfolding. Det er meir moglegheiter for barna ute. Inne blir automatiske litt avgrensa når det gjeld fysisk utfolding og risikoleik. Me har ikkje dei trea eller de områda å springa på inne som ute. Inne avgrensar meir enn ute, spesielt i forhold til risikoleik. Det er meir HMS reglar inne med tanke på støy og liknande.

**I: Synest du det er moglegheiter for risikoleik på uteområdet/inneområdet til barnehagen?**

PK3: Uteområdet er jo det moglegheit, med at det er ulendt og at det er rom for klatring og fysisk utfolding. For dei små så er det jo gjerne moglegheit for risikoleik inne også. Når de står oppå desse leikeborda og syng og dansar så er jo det ein form for risiko. Dei har ikkje alltid heilt kontroll på kor enden av det bordet er. Det er moglegheiter for dei inne også for de små, men ikkje så mykje for dei større barna. Men ute er det meir rom for at de større barna kan utøve risikoleik.

**I: Det er seks forskjellige kategoriar for risikoleik. Disse er: lek med stor høgde, lek med stor fart, lek med farlige reiskaper, lek nær farlige element, lek som inneberer kamp, og lek der barn kan gå seg bort.**

**Er barna oppsökande etter risikoleik i barnehagen? Eventuelt kva type risikoleik (i forhold til kategoriene som er nemnt).**

PK3: Eg vil sei at generelt i barnehagen så er dette er med høgde veldig populært, samt fart.

## Vedlegg V

Intervju med kvinnelig dagleg leiar, heretter kalla DK1. I= intervjuar

### I: Kva forbinder du med ordet risikoleik?

DK1: Det er jo leik som går litt ut over dei trygge rammene, som er litt på kanten enten det gjeld klatring eller balansering, det kan jo vera kva som helst eigentleg. Det utfordrar barna litt.

### I: Kva tankar har du om HMS knytt til risikoleik i barnehagen?

DK1: HMS er veldig stort. Går mykje på å førebygge skadar og slitasje. Me lagar jo risikoanalyse viss det er noko me er usikre på. Sei viss det er eit tre då for eksempel: Så går me jo inn å ser kor høgt dette treet er, korleis underlaget er under det, kva kan skje visst eit barn dett ned, kor stor risiko er det for eit barn dett ned, kor ofte skjer det, så går me inn å lagar ein analyse på det i forhold til kor ofte det har skjedd at eit barna har falt ned. Me hadde for eksempel eit barn som datt ned for tre veker sida og slo seg i ryggen, og då måtte me inn å ta ei vurdering ut i frå den episoden. Men foreldra til dette barnet var veldig bevisst på at treet ikkje skulle sagast ned grunna det. Så me konkluderte med at dette var eit skjeldant uhell og treet fekk stå. Me har ikkje hatt eit slikt uhell sida barnehagen opna for 9 år sida.

me eit heilt anna lovverk enn det som er i skogen for barnehagar og barn. Eg som dagleg leiar og verneombud reiser også på HMS kurs for å halda oss oppdatert. Me har også vernerundar om morgonen i barnehagen, for å forhindre unødig skader på barn i form av at farlege gjenstandar vert fjerna frå barnehagen sitt uteområde.

### I: Er det nokre element som du meinar fremjar eller avgrensar barns muligkeit for deltaking og fysisk utfolding i leik generelt?

DK1: Eg forstår at me må ha dei lovane og dei regelverket og dei sikringstiltaka som er komet og som er aktuelle, dei skjønnar eg at ein må ha fordi ein samlar meir og meir barn innafor eit området som er definert som ein barnehage. Slike reglar var det jo ikkje før i ”gamle” dagar. Men eg forstår at dei reglane er der. Men på eit eller anna stadium så vil jo reglane avgrensa

nokre av barns moglegheiter for leik generelt og ikkje minst risikoleik. Visst det ikkje var nokre lovar og reglar og barna bare kunne gjere alt som de ville, ja det hadde sikkert gått bra, men me ville nok hatt fleire utrygge episodar.

**I: Kor går grensene i forhold til barns risikoleik i barnehagen? Har du eit syn på kor grensene bør gå?**

DK1: Mangen av grensene er jo sett ut i frå kva me har lovt til og ikkje lovt til, det går jo både på fallhøgde og underlag. Me har og fokus på dette med kvelingsfare, dette her med å sette seg fast – hektefare. Dette blir jo alltid sjekka og sikra når me har kontollar. Det som ikkje er lovfesta går jo på sunn fornuft. Og det blir jo eit samarbeid mellom pedagogane og fagarbeidarane.

**I: Ser du avgrensingar for barn, knytt til HMS og risikoleik? Eventuelt kva?**

**Føler du HMS arbeidet i barnehagen, avgrensar barns deltaking og utfolding i barnehagen?**

DK1: Klart det. Barna vil alltid testa og prøva noko nytt. Og det er jo kjempe bra. Og det går jo på det at barna kan meistra, og oppnår de det så får de jo lyst til å prøve enda meir. Så har jo sjølvsagt kvart barn si grensa for kor langt de går. Nokre barn så må ein avgrense for visst ikkje hadde de bare kjørt på og kjørt på, mens andre barn må ein motivere og oppmunstre til å prøve. Nokre barn må me læra å gå i ulendt terreng, mens andre barn kan ikkje få klatra i toppen av alle trea. Men risikoleik er veldig viktig for den fysiske og psykiske utviklinga til barna, absolutt.

**1: Kva områder i barnehagen avgrensar barna mest knytt til HMS og risikoleik?**

DK1: Det som avgrensar mest er vel kanskje dette her med fallunderlag.

**I: Synest du det er moglegheiter for risikoleik på uteområdet/inneområdet til barnehagen?**

DK1: Eg føler det er moglegheit for risikoleik på uteområdet til barnehagen. Barna klatrar og klatrar i trea. Barna leikar også med pinnar, noko som kan vera ein risiko.

**I: Det er seks forskjellige kategoriar for risikolek. Disse er: lek med stor høyde, lek med stor fart, lek med farlige redskaper, lek nær farlige elementer, lek som innebærer kamp, og lek der barn kan gå seg bort.**

**Er barna oppsökande etter risikoleik i barnehagen? Eventuelt kva type risikoleik (i forhold til kategoriane som er nemnt).**

DK1: Barna smir jo, de får jo lovt å smi ute i barnehagen og i snikkerbua, samt tur. Så eg vil absolutt sei at eg ser risikoleikens kategoriar blant barna. Men det er viktig å ha visse rammer rundt barns risikoleik og de vaksne skal ha kontroll.